



# ÅRSMELDING

## KVITeseID KOMMUNE



**2021**

## Innhold

1	Innleiing.....	3
1.1	Kommunedirektøren si innleiing.....	3
2	Samfunnsutvikling.....	4
2.1	Rapport handlingsprogram .....	4
2.2	Samfunnstryggleik og beredskap.....	4
3	Økonomi.....	5
3.1	Det økonomiske resultatet .....	5
3.2	Driftsresultat .....	5
3.3	Inntektsutvikling – overordna .....	6
3.4	Kraftinntekter .....	6
3.5	Utgifter – overordna.....	7
3.6	Likviditet.....	7
3.7	Gjeld og avdrag.....	7
3.8	Fond.....	9
3.9	Verksemda.....	10
3.10	Investeringar .....	13
3.11	korona.....	14
4	Organisasjon - medarbeidarar .....	16
4.1	Rapport handlingsplan .....	16
4.2	Tilsette .....	17
4.3	Personalpolitikk .....	18
4.4	HMS.....	18
4.5	Likestilling .....	20
4.6	Intern kontroll og etikk .....	20
5	Sektorovergripande tenester .....	21
5.1	Rapport handlingsplan .....	21
5.1	Rådmann og Fellestenester .....	21
6	Helse og omsorg.....	22
6.1	Sektorleiing .....	22
6.2	Kjøken og vaskeri .....	25
6.3	Heimetenesta.....	26
6.4	Eining for funksjonshemma .....	29
6.5	Kviteseid omsorgssenter(KOS) .....	30
6.6	Helsesenteret .....	32
6.7	Handlingsprogram: .....	36
7	Skule og barnehage.....	39
7.1	Kulturskulen.....	41
7.2	Handlingsplan: .....	42
8	Samfunnsutvikling og teknisk drift .....	44
8.1	Samfunnsutvikling.....	44
8.2	Teknisk drift .....	45
8.3	Nøkkeltal for teknisk drift .....	47
9	Nærings- og lokalsamfunnsutvikling .....	48
9.1	Kultur .....	48
9.2	Næring .....	49
10	Landbrukskontoret.....	50
11	Interkommunalt samarbeid .....	53
11.1	Barnevernstenesta.....	53
11.2	NAV .....	57
11.3	Plankontoret.....	60

# 1 Innleiing

## 1.1 Kommunedirektøren si innleiing

Årsmeldinga er ein del av årsrekneskapen, og ho er skriva til kommunestyret for å gjeva eit samla oversyn over det kommunale tenestetilbodet i året som har gått. Dokumentet er omfattande, men det same kan ein seie om dei kommunale tenestene. Årsmeldinga er difor laga ikkje bare som ei melding om året som har gått, men som ei oversikt over utviklinga og som ei rettesnor i høve til prioriteringar som skal gjerast i åra som kjem.

Rekneskapen for 2021 syner eit mindreforbruk på kr 4 482 677,- i prosent av driftsinntektene vert det 1,46%

KS tilrår å ha eit netto driftsresultat på 1,75%. Vi er ikkje langt frå å oppnå eit slikt resultat i 2021. Trass positivt resultat i 2021 er budsjettkrav for 2022 og vidare i økonomiplanen krevjande, særleg innan heles og omsorg, skule og teknisk drift/vedlikehald. Dei frie fondsmidlane våre vart auka som følgje av overskotet i 2021, noko som gjer oss eit noko betre handlingsrom – også i høve til eventuelle uventa kostnader.

Arbeidet med budsjett og rekneskap har vore krevjande. I samband med gjennomgang av budsjettet for 2022 og økonomiplanen vidare er det stramme rammer i viktige område.

Kommunestyret sine budsjett- og økonomiplanvedtak for 2022 og vidare har vore til lovkontroll hjå Statsforvaltaren sidan Kviteseid kommune vart meldt inn i ROBEK i 2021. Lovkontrollen synte at kommunestyret sine vedtak i høve budsjett og økonomiplan frå 2022 og vidare er lovlege, med den konsekvens at kommunen no er ute av ROBEK att.

Det vert krevjande for heile kommunen å syte for ein økonomi og drift i balanse i tida som kjem, samstundes med at innbyggjarane skal ivaretakast gjennom gode tenester. Skal kommunen lukkast i arbeidet med gode tenester til innbyggjarane, må alle partar yte sitt beste og trekke i same retning i 2022 og åra som kjem

Årsmeldinga viser litt av breidda i det arbeidet som vert utført i løpet av eit år. Alle innbyggjarane i kommunen er påverka av det arbeidet som skjer i kommunen, og det er difor med glede eg legg fram årsmeldinga, og seier: God lesing.

*Erling Laland*  
Kommunedirektør

## 2 Samfunnsutvikling

### 2.1 Rapport handlingsprogram

Handlingsprogrammet er oppbygde av handlingsplanar for einingane og ein overordna handlingsplan som er felles for alle.

Det nye overordna målet for utviklinga av Kviteseid kommune går fram av samfunnsdelen:

**Mål: Kviteseid kommune skal ha ein positiv folketalsvekst. Veksten skal i hovudsak skje i aldersgruppa 20 – 40 år med ein årleg vekst i overkant av 1% og 15% innan 2029.**

Gode kommunale tenester blir frå mange held teke fram som ein viktig attraksjonsfaktor. Resultat frå ulike analyser av vår tenesteproduksjon syner at me absolutt har eit omfang og ein kvalitet på dei kommunale tenestene som gjev grunnlag for at me skal vera eit livskraftig bygdesamfunn. Som tidlegare år er administrasjonen oppteken av å nytte objektive kriterium som utgangspunkt for dei prioriteringar og utviklingstiltak som vert sett i verk. Det gjev grunnlag for den målretta satsinga som vert dregen fram i dette målet.

Tiltak i handlingsplanen	Resultat
<i>Utarbeidde planar i tråd med vedteken planstrategi.</i>	<i>Delvis fullført</i>
<i>Klima og miljøplan Vest-Telemark</i>	<i>Ferdig</i>

### 2.2 Samfunnstryggleik og beredskap

Beredskapsarbeidet har bruka mykje tid på smittevern mot Covid – 19 og tiltak for å gjere kvardagen enklare for næringsliv og innbyggjarane i Kviteseid. Krise-/beredskapsleiinga har gjennomført 35 møter i 2021. Kommunen har fylgt nasjonale retningslinjer og har ikkje hatt egne ekstra tiltak i 2021. Sosiale media og heimeside har vore nytta som informasjonskanalar.

Stor skryt til innbyggjarane som har fylgt opp og dermed bidrege til lite koronasmitte i Kviteseid kommune.

Beredskapskoordinator har deltatt på samlingar/møter som Statsforvaltaren har arrangert.

**Mål: Utvikle ein robust kommuneorganisasjon som er godt i stand til å møte uføresette hendingar av ulike slag.**

Tiltak	Resultatindikator	
<i>Opplæring i Cim</i>	<i>Alle kommunalt tilsette på kommunehuset må kjenne og kunne bruke CIM</i>	<i>Avlyste øvingar frå Statsforvaltaren</i>
<i>Berdskapsøving</i>	<i>Kun skrivebordsøvinger i 2021</i>	<i>Har delteke på øvingar via Statsforvaltaren. (Atomulykke, nødnett, kommunikasjon)</i>

### 3 Økonomi

#### 3.1 Det økonomiske resultatet

Regneskapen er utarbeidd etter *Forskrift om økonomiplan, årsbudsjett, årsregnskap og årsberetning for kommuner og fylkeskommuner mv.*

##### § 4-1. Regnskapsføring av budsjettdisposisjoner

Ved avslutningen av regnskapet skal bruk av og avsetning til disposisjonsfond og ubundet investeringsfond, overføring fra drift til investering og dekning av tidligere års merforbruk og udekket beløp regnskapsføres i samsvar med budsjettet. I tillegg regnskapsføres bruk av og avsetning til disposisjonsfond og ubundet investeringsfond og overføring fra drift til investering som er vedtatt av underordnet organ

Regnskapet for 2021 viser eit mindreforbruk i driftsregnskap på kr 4 482 677,- og eit udekket beløp i investeringsregnskapet på kr 753 027,-

#### 3.2 Driftsresultat


For at kommunes handlingsevne vert ivaretatt over tid, skal kommunane ha vedtatt økonomiske måltal.

Resultat og måltal for Kviteseid kommune i 2021:

Måltal i % av driftsinntekter (kr 277mill)	Anbefalt nivå	Måltal for Kviteseid kommune	2021
Netto driftsresultat	1,75%*	>0%	1,46 %
Disposisjonsfond	5% - 10%	5,0 %	4,00 %
Renter og avdrag	2% - 3%	3,0 %	3,47 %

##### Netto driftsresultat

Eit netto driftsresultat på 1,75% er tilrådd av «Det tekniske berekningsutval for kommunal og fylkeskommunal økonomi», eit utval oppnemnd av kommunal og moderniseringsdepartementet.




### 3.3 Inntektsutvikling – overordna

Det overordna formålet med inntektssystemet er å gjere det mogleg for kommunane å gjeva eit likeverdig tenestetilbod til sine innbyggjarar. For å oppnå dette målet vert det ved fordelinga av rammetilskot teke omsyn til strukturelle ulikskapar mellom kommunane (utgiftsutjamning) og ulikskapar i skatteinntektene (inntektsutjamning). Rammetilskotet utgjer saman med skatteinntektene dei frie inntektene som kommunane kan disponere fritt innanfor gjeldande lover og forskrifter.

Sjølv om vi har sett ein nominell auke av kommunen sine frie inntekter dei siste åra, så tyder ikkje det at handlefridomen til kommunen har forbetra seg. Fleire øyremerkte tilskot er nå innlemma i dei frie inntektene. Pålagte oppgåver som var knytt til desse tilskota bind på denne måten delar av dei såkalla frie inntektene.

### 3.4 Kraftinntekter

Kviteseid kommune er ikkje ein kraftkommune i det omfanget som ein del av dei andre kommunane i regionen er. Men samstundes er det viktig å understreke at «kraftinntekter» er ein del av vårt inntektsgrunnlag.




### 3.5 Utgifter – overordna

I 2021 er driftsutgiftene inkl. avskrivningar på kr 302,8 mill. Barnevernssamarbeidet i Vest-Telemark er ein del av Kviteseid kommune sitt rekneskap. Samarbeidet vert avrekna med medlemskommunane i slutten av året, slik at nettoresultatet for barnevernet som kjem fram i Kviteseid sitt driftsrekneskap, er Kviteseid sin andel. Utgifts- og inntektssida blir på den måten «blåst opp» med ca. 32,1 mill. Tilsvarende beløp i 2020 var ca. 31,3 mill.

### 3.6 Likviditet

Likviditeten fortel noko om kommunane si evne til å svare for sine økonomiske plikter. Det er ikkje noko mål i seg sjølv å ha så god likviditet som mogleg, men å ha tilstrekkeleg likviditet til å fange opp løpande differanse mellom utbetalingar og innbetalingar. Likviditetsgrad 1. er eit nykjeltal som vert berekna ved å dele omløpsmidlar på kortsiktig gjeld. Talet bør vera større enn 2. Ser ein på utviklinga frå 2018 har likviditetsgrad 1. gått frå 1,8 til 1,5 i 2021. Dårlegare likviditet gjennom året krev meir oppfølging og tilpassing av inntekter og betalingsforpliktingar.




Figur: Likviditetsgrad 1 for åra 2014 til 2021

### 3.7 Gjeld og avdrag

Minste tillate avdrag skal vere lik årets avskrivningar justert for sum avskrivbare anleggsmiddel og langsiktig gjeld eks pensjonsforpliktingar og lån til vidareutlån.pr 01.01.


Figuren under viser utvikling gjeld per 01.01 og avdrag 2015 – 2021:



Kommunen har ved utgangen av 2021 ei langsiktig ordinær lånegjeld på kr.193,3 millionar inkludert startlån frå Husbanken som er til vidare utlån til innbyggjarane.

Per 31.12.2021 er samla utlån av startlån inkludert sosiallån kr 6,914 mill. Ubrukte startlån er på kr 1,67 mill. og unyttede ordinære lånemidlar er på kr 1,8 mill. I tillegg er det eit utlån på kr 28,5 mill. til Vest-Telemark kraftlag som påverkar nykjeltal «netto lånegjeld pr. innbyggjar».

Dette inneber at Kviteseid kommune pr 31.12.2021 har ei langsiktig lånegjeld (eksklusive formidlingslån) tilsvarande kr 73 100,- pr. innbyggjar.



Tabell: Utvikling gjeld per innbyggjar 2014-2021

Den langsiktige gjelda i kommunen kan delast inn i pensjonsplikter og andre lån (sjå tabellen under). Vi har ordinære lån som vert nytta til å finansiere investeringane til kommunen.

Desse utgjør kr. 184,4 millionar pr. 31.12.

Den andre kategorien er startlån frå Husbanken, som etter bestemte vilkår blir lånt vidare ut til innbyggjarane som utgjør kr 8,9 millionar pr. 31.12. Avdrags- og renteutgiftene me betalar til Husbanken skal i prinsippet vera lik avdrag og renter som vi mottek frå lånetakarane.

Pensjonsplikter er plikter som Kviteseid kommune har ovanfor KLP og SPK i høve til berekna framtidig pensjonsutbetaling. Desse pliktene er delvis dekt av pensjonsmidlar som også kjem fram i balanserekneskapet under anleggsmidlar.

1000 kr	Rekneskap 2016	Rekneskap 2017	Rekneskap 2018	Rekneskap 2019	Rekneskap 2020	Rekneskap 2021
Pensjonsplikter (note nr. 2)	308 047	324 669	327 230	345 172	333 207	320 092
Lån	109 429	124 473	132 989	167 769	187 100	193 332
<b>Langsiktig gjeld</b>	<b>417 476</b>	<b>449 142</b>	<b>460 219</b>	<b>512 941</b>	<b>520 307</b>	<b>513 424</b>

Tabell: Samansetning av den langsiktige lånegjelda pr. 31.12.2021



### 3.8 Fond


Kommunane sine fond vert delt i fire hovudgrupper.

1. Disposisjonsfond som kan nyttast til alle føremål.
2. Bundne driftsfond som berre kan brukast til øyremerkte føremål på driftssida.
3. Ubundne investeringsfond som kan nyttast fritt, men berre til investeringar.
4. Bundne investeringsfond som berre kan brukast til bestemte investeringar.

Tabellen nedanfor viser utviklinga av fonda sidan 2014. Den totale fondsbeholdninga auka med kr 1,847 mill. frå 2020 til 2021. Derav disposisjonsfonda med kr 1,1 mill.

	2014	2015	2016	2017	2018	2019	2020	2021
Disposisjonsfond	5 139	8 405	12 271	17523	19 064	18 619	8 927	12 024
Bundne driftsfond	8 550	8 218	8 984	9846	13 997	13 592	12 918	11 550
Ubundne investeringsfond	0	0	0	0	0	0	0	
Bundne investeringsfond	138	105	442	824	355	328	0	118
<b>Sum fond</b>	<b>13 827</b>	<b>16 728</b>	<b>21697</b>	<b>28193</b>	<b>33416</b>	<b>32539</b>	<b>21845</b>	<b>23692</b>

Tabell: Utvikling av fond



Tabell: Fond fordel på bunde og ubunde

### 3.9 Verksemda

	Rekneskap 2021	Gjeldande budsjett 2021	Opprinneleg budsjett 2021	Rekneskap 2020	Avvik rekneskap mot revidert budsjett	Avvik rekneskap mot opphavleg budsjett
Tall i 1000 kroner						
<b>Netto driftsutgifter pr rammeområde</b>						
<b>Driftsuavhengige inntekter/utgifter</b>						
Netto avsetnad til (+) eller bruk av (-) bunde driftsfond:	1 583	1 582	1 582	1 583	1	1
<b>Netto ramme</b>	<b>1 583</b>	<b>1 582</b>	<b>1 582</b>	<b>1 583</b>	<b>1</b>	<b>1</b>
<b>Politisk verksemd</b>	3 322	3 218	5 853	3 183	104	-2 531
Netto avsetnad til (+) eller bruk av (-) bunde driftsfond:	0	0	0	-267	0	0
Netto avsetnad til (+) eller bruk av (-) disposisjonsfond:	1 603	-2 016	-1 235	-9 105	3 618	2 838
<b>Netto ramme</b>	<b>4 925</b>	<b>1 202</b>	<b>4 618</b>	<b>-6 189</b>	<b>3 723</b>	<b>307</b>
<b>Rådmannen</b>	2 163	3 274	4 722	3 722	-1 110	-2 559
Netto avsetnad til (+) eller bruk av (-) bunde driftsfond:	665	0	0	105	665	665
<b>Netto ramme</b>	<b>2 829</b>	<b>3 274</b>	<b>4 722</b>	<b>3 828</b>	<b>-445</b>	<b>-1 894</b>
<b>Fellestene</b>	3 010	3 797	7 521	12 373	-787	-4 511
Netto avsetnad til (+) eller bruk av (-) bunde driftsfond:	-1 039	-1 039	0	442	0	-1 039
Netto avsetnad til (+) eller bruk av (-) disposisjonsfond:	0	0	0	-852	0	0
<b>Netto ramme</b>	<b>1 971</b>	<b>2 758</b>	<b>7 521</b>	<b>11 963</b>	<b>-787</b>	<b>-5 550</b>
<b>Anna undervisning</b>	8 901	8 587	8 204	7 544	314	698
Netto avsetnad til (+) eller bruk av (-) bunde driftsfond:	-285	-310	-225	-11	25	-60
<b>Netto ramme</b>	<b>8 616</b>	<b>8 277</b>	<b>7 979</b>	<b>7 532</b>	<b>339</b>	<b>638</b>
<b>Kviteseid skule</b>	22 695	23 502	21 837	22 635	-807	858
Netto avsetnad til (+) eller bruk av (-) bunde driftsfond:	107	-32	-32	-245	139	139
<b>Netto ramme</b>	<b>22 802</b>	<b>23 470</b>	<b>21 805</b>	<b>22 390</b>	<b>-668</b>	<b>997</b>
<b>Straumsnes barnehage</b>	1 582	1 608	1 764	2 931	-25	-181
Netto avsetnad til (+) eller bruk av (-) bunde driftsfond:	0	0	0	-55	0	0
<b>Netto ramme</b>	<b>1 582</b>	<b>1 608</b>	<b>1 764</b>	<b>2 877</b>	<b>-25</b>	<b>-181</b>
<b>Brunkeberg oppvekstsenter</b>	7 996	8 241	8 021	8 058	-245	-25
Netto avsetnad til (+) eller bruk av (-) bunde driftsfond:	-78	0	0	153	-78	-78
<b>Netto ramme</b>	<b>7 918</b>	<b>8 241</b>	<b>8 021</b>	<b>8 210</b>	<b>-323</b>	<b>-103</b>
<b>Kviteseid barnehage</b>	6 371	6 700	6 393	6 323	-329	-22
Netto avsetnad til (+) eller bruk av (-) bunde driftsfond:	0	0	0	-54	0	0
<b>Netto ramme</b>	<b>6 371</b>	<b>6 700</b>	<b>6 393</b>	<b>6 268</b>	<b>-329</b>	<b>-22</b>
<b>Sektorleiing helse og omsorg</b>	3 349	3 585	3 416	3 208	-236	-67
Netto avsetnad til (+) eller bruk av (-) bunde driftsfond:	167	0	0	-80	167	167
<b>Netto ramme</b>	<b>3 515</b>	<b>3 585</b>	<b>3 416</b>	<b>3 128</b>	<b>-69</b>	<b>100</b>
<b>Helse</b>	16 851	17 289	15 493	16 189	-438	1 358
Netto avsetnad til (+) eller bruk av (-) bunde driftsfond:	815	0	0	-438	815	815
<b>Netto ramme</b>	<b>17 666</b>	<b>17 289</b>	<b>15 493</b>	<b>15 751</b>	<b>377</b>	<b>2 173</b>
<b>Barnevern</b>	7 689	6 670	5 616	5 163	1 020	2 074
Netto avsetnad til (+) eller bruk av (-) bunde driftsfond:	-1 003	-434	0	-244	-569	-1 003
<b>Netto ramme</b>	<b>6 687</b>	<b>6 236</b>	<b>5 616</b>	<b>4 919</b>	<b>451</b>	<b>1 071</b>
<b>Kviteseid omsorgstenester</b>	28 872	27 827	21 689	22 569	1 045	7 182
Netto avsetnad til (+) eller bruk av (-) bunde driftsfond:	-36	0	0	125	-36	-36
<b>Netto ramme</b>	<b>28 836</b>	<b>27 827</b>	<b>21 689</b>	<b>22 694</b>	<b>1 009</b>	<b>7 147</b>
<b>Heimetenestene</b>	18 882	18 290	17 290	16 713	592	1 592
Netto avsetnad til (+) eller bruk av (-) bunde driftsfond:	-63	-19	0	-7	-44	-63
<b>Netto ramme</b>	<b>18 818</b>	<b>18 271</b>	<b>17 290</b>	<b>16 705</b>	<b>547</b>	<b>1 528</b>
<b>Kjøkken</b>	3 316	3 221	3 216	2 985	95	100
Netto avsetnad til (+) eller bruk av (-) bunde driftsfond:						
<b>Netto ramme</b>	<b>3 316</b>	<b>3 221</b>	<b>3 216</b>	<b>2 985</b>	<b>95</b>	<b>100</b>
<b>Funksjonshemma</b>	22 597	23 131	22 860	20 264	-533	-263
Netto avsetnad til (+) eller bruk av (-) bunde driftsfond:	0	0	0	6	0	0
<b>Netto ramme</b>	<b>22 598</b>	<b>23 131</b>	<b>22 860</b>	<b>20 271</b>	<b>-533</b>	<b>-262</b>
<b>Samfunnsutvikling og teknisk drift</b>	19 419	19 762	19 092	22 112	-343	327
Netto avsetnad til (+) eller bruk av (-) bunde driftsfond:	-1 948	-2 198	-1 095	-1 890	250	-853
Netto avsetnad til (+) eller bruk av (-) disposisjonsfond:	1 494	630	430	265	864	1 064
<b>Netto ramme</b>	<b>18 966</b>	<b>18 194</b>	<b>18 427</b>	<b>20 487</b>	<b>772</b>	<b>539</b>
<b>NAV</b>	3 296	3 365	3 480	3 566	-69	-184
Netto avsetnad til (+) eller bruk av (-) bunde driftsfond:						
<b>Netto ramme</b>	<b>3 296</b>	<b>3 365</b>	<b>3 480</b>	<b>3 566</b>	<b>-69</b>	<b>-184</b>
<b>VAR</b>	-4 727	-4 788	-5 533	-3 681	61	806
Netto avsetnad til (+) eller bruk av (-) bunde driftsfond:	-172	470	470	209	-642	-642
<b>Netto ramme</b>	<b>-4 899</b>	<b>-4 318</b>	<b>-5 063</b>	<b>-3 471</b>	<b>-581</b>	<b>163</b>

Tabell: Oversyn verksemda

## **Sektorovergripande einingar**

### Politisk verksemd

Samla meirforbruk på eininga er kr 3 723`

Avviket på kr 3 723` skyldast i hovudsakt ikkje budsjettert avsetning til disposisjonsfond.

### Rådmannen

Samla mindreforbruk på eininga er kr 445`

Avviket på kr 445` skyldast i hovudsak stor aktivitet ved plankontoret knytt til oppmåling og byggsak. Det er og satt av kr 525` til sjølvkostfond for byggesak og kr 139` til sjølvkostfond plansaksbehandling.

### Økonomi og fellesteneste

Samla mindreforbruk på eininga er kr 787`

Avviket på mindreforbruket skuldast kr -1 429` Bruk av premiefond, kr 273` kjøp av løn og rekneskapstenester frå Nissedal kommune, kr 120`, kr 70` meirforbruk sikringsordninga ført på økonomiansvaret, kr 40` reduserte inntekter frå IKS, kr 140` auka kostand VTDS.

### NAV

Samla mindreforbruk på eininga er kr 69`

Avviket skuldast i hovudsak kr 473` mindreforbruk sosialstønad, kr 84` mindreforbruk kvalifiseringsstønad, kr 191` meirforbruk omsorgsløn og kr 300` auka administrasjonskostnader i refusjonskrav frå Tokke kommune.

### Barnevern

Samla meirforbruk på eininga er kr 450`

Avvik skuldast kr 350` i meirforbruk både i og utanfor familien. Og auka kostnad samarbeidet kr 100`

## **Helse og omsorg**

### Helseadministrasjon

Samla meirforbruk på eininga er kr 69`

Avvik skuldast i hovudsak auka lønskostnader ved tenestekontoret.

### KOS

Samla meirforbruk på eininga er kr 1000`

Avviket på meirforbruket skuldast kr 760` auka lønskostnader i hovudsak overtidskostnader, kr 355` kjøp av inventar og utstyr og kr 115` auka brukarbetaling.

### Heimetenestene

Samla meirforbruk på eininga er kr 547`

Avviket på meirforbruket skuldast i hovudsak kr 292` i meirutgifter løn og kr 255` i mindreinntekter refusjon frå staten.

### Kjøkken

Samla meirforbruk på eininga er kr 95`

Avviket på meirforbruket skuldast kr 28 auka kostnader varer og tenester kr 10` mindreforbruk lønsutgifter, og kr 77` reduserte inntekter

### Eining for funksjonshemma

Samla mindreforbruk på eininga er kr 533`

Avviket på mindreforbruket skuldast kr 226` i mindreforbruk løn, kr 351` mindreforbruk varer og tenester og kr 44` mindreinntekter og redusert refusjon frå staten.

### Helse

Samla meirforbruk på eininga er kr 377`

Avviket på meirforbruket skuldast kr 52 meirforbruk lønskostnadar, kr 78` auka kostnad jordmorsamarbeidet, kr 663` kjøp av helseteneter av andre, kr 201` auka kostnad varer og tenester og auka refusjon frå Helfo ved legekantoret kr 617`

### **Skule og barnehage**

#### Anna undervisning

Samla meirforbruk på eininga er kr 339`

Avviket på meirforbruket skuldast kr 121` auka kostnad logoped, kr 118` elevar i andre kommunar kr 220 auka kostnad skuleskyss, kr 195` redusert kostnad vaksenopplæringa og kr 75` reduserte lønsutgifter i hovudsak ved kulturskulen.

#### Kviteseid skule inkl. SFO

Samla mindreforbruk på eininga er kr 668`

Avviket skuldast kr 92` meirforbruk varer og tenester i hovudsak undervisningsmateriell. kr 20` mindreforbruk lønskostnadar kr 384` meir refusjon frå staten, kr 354 auka refusjon frå kommunar.

#### Straumsnes barnehage

Samla mindreforbruk på eininga er kr 25`

Avviket vert definert som så lite at det ikkje treng vidare utdjuping.

#### Brunkeberg oppvekstsenter.

Samla mindreforbruk på eininga er kr 323`

Avviket skuldast kr 110` meirforbruk lønsutgifter barnehagen, kr 260` mindreforbruk lønsutgifter ved skulen, kr 147` auka inntekter brukarbetaling ved barnehagen og kr 26` meirforbruk varer og tenester.

#### Kviteseid barnehage

Samla mindreforbruk på eininga er kr 329`

Avviket skuldast kr 69` mindreforbruk løn, kr 131` mindreforbruk varer og tenester og kr 129` meirinntekter brukarbetaling.

#### Samfunnsutvikling og teknisk drift inkl.

Samla meirforbruk på eininga er kr 772`

Dette er ei stor eining der det er fleire mindre avvik med meirforbruk og mindreforbruk fordelt over fleire ansvar.

Det som utgjør det største avviket er naudsynt vedlikehald omsorgsbustadar ca kr 660` og straumutgifter kr 112`

#### VAR (vatn, avløp og renovasjon)

Samla mindreforbruk på eininga er kr 581`

Avviket på mindreforbruk skyldast bruk og avsetning til bunde fond og inndekning framførbare underskot, sjå og note.13

### **Bevilgningsoversikt drift etter § 5-4, 1.ledd**

Her er det eit samla avvik på kr 5 176`

Dette skyldast skatteanslaget på kr 3 081` og kr 543` auka rammetilskot betre enn budsjettert.

Sum bevilningar til drift vart på kr 1 692` mindre enn budsjettert, renteinntektene kr 121` høgare enn budsjettert og renteutgiftene vart kr 166` høgare enn budsjettert. I tillegg er det eit avvik på kr 100` mindre inntekter grunna redusert rentekompensasjon.

### 3.10 Investeringar

Investeringsplanen i anleggsmedel for 2021 var på kr 16,712 mill. kr i revidert budsjett. Rekneskapen syner eit forbruk på kr 17,740 mill. med eit samla finansieringsbehov på kr 19,297 mill. Etter føring av vedtatt bruk av lån frå 3.budsjettrevisjon på kr 11,860 syner investeringsrekneskapet eit udekket beløp på kr 0,753 mill. Det er vedteken låneopptak på kr 13, mill. som og er lånt opp. Dvs at det er kr 1, 814 mill. i unyttede lånemidlar i 2021 i tillegg til unyttede lånemiddel til startlån på kr 1, 675 mill.

Alle tall i 1000 kroner		Rekneskap 2021	Gjeldande budsjett 2021	Opprinneleg budsjett
<b>Frå bevilgningsoversikt investering</b>				
Investeringar i varige driftsmidlar		17 740	16 712	18 650
Tilskot til andre sine investeringar		1 000	1 000	1 000
Investeringar i aksjar og andelar i selskap		557	557	715
Utlån av egne midlar		0	0	0
<b>Sum frå bevilgningsoversikt investering</b>		<b>19 297</b>	<b>18 269</b>	<b>20 365</b>
0329	Nye bustader Lundejordet	333	333	0
0516	Oppgradering kommunale vegar del 1	1 080	1 000	1 000
0565	Brannstasjon	4 261	4 260	3 600
0570	Kviteseid skule opprusting	0	0	0
0571	Ny barnehage - Kviteseid	0	0	0
0572	Kviteseid skule opprusting uteområde	168	168	0
0573	Ikt-oppggradering 2017	409	600	500
0576	Elements - sak/arkiv-2021	180	0	0
0581	Tilrettelegging nye bustadområde	2 620	2 620	2 500
0582	Tilrettelegging nytt industriområde	0	0	0
0584	Overvaking vatn og avløp	0	0	0
0586	Nye/Rehab. Pumpestasjonar (avløp)	0	0	250
0588	Morgdal RA - oppgradering (2019-2021)	0	0	0
0590	Rehab. VA Kvitund	598	600	0
0594	Oppgradering "sentrum" Brunkeberg	711	300	300
0595	KOS - ventilasjon	1 431	1 430	2 000
0596	Saneringsplan Kviteseid	983	700	2 500
0597	Kviteseid reinseanlegg - Bioanlegg	2 791	2 721	3 500
0598	Vaskarstrondi	84	82	0
0607	Ladepunkt - kommunale tenestebilar	170	0	0
0993	Saneringsplan Vrådal	1 941	1 900	2 500
<b>Sum fordele investering i varige driftsmidlar</b>		<b>17 740</b>	<b>16 712</b>	<b>18 650</b>
0163	Bidrag investeringsprosjekt kyrkja	1 000	1 000	1 000
<b>Sum fordele tilskot til andre sine investeringar</b>		<b>1 000</b>	<b>1 000</b>	<b>1 000</b>
0110	Eigenkapitalinnskot KLP	557	557	715
0112	Kjøp aksjar og andelar	0	0	0
0575	Utøying næringshagen	0	0	0
<b>Sum fordele investeringar i aksjar og andelar i selskap</b>		<b>557</b>	<b>557</b>	<b>715</b>
<b>Sum fordele utlån av egne midlar</b>		<b>0</b>	<b>0</b>	<b>0</b>

Kompensasjon for meirverdiavgift		-2 048	-1 838	-1 980	-3 754
Tilskot frå andre		-5 197	-4 717	-4 717	-583
Sal av varige drifts midlar		-1 123	-1 500	-1 500	-1 216
Sal av finansielle anleggsmidlar		0	0	0	-12
Utdeling frå selskap		0	0	0	0
Mottokne avdrag på utlån av egne midlar		0	0	0	0
Bruk av lån		-11 188	-11 188	-13 082	-27 000
<b>Sum investeringssinntekter</b>		<b>-19 551</b>	<b>-19 239</b>	<b>-21 259</b>	<b>-32 545</b>
Vidareutlån		1 350	3 000	3 000	971
Bruk av lån til vidareutlån		-1 350	-3 000	-3 000	-971
Avdrag på lån til vidareutlån		1 937	2 000	400	1 515
Mottokne avdrag på vidareutlån		-2 017	-2 000	-400	-1 115
<b>Netto utgifter vidareutlån</b>		<b>-81</b>	<b>0</b>	<b>0</b>	<b>400</b>
Overføring frå drift		-2 587	-2 587	-715	-297
Netto avsetnader til eller bruk av bunde investeringsfond	7	38	-82	0	-328
Netto avsetnader til eller bruk av ubunde investeringsfond	7	0	0	0	0
Dekking av tidlegare års udekkede beløp		3 638	3 639	1 609	1 485
<b>Sum overføring frå drift og netto avsetnader</b>		<b>1 087</b>	<b>970</b>	<b>894</b>	<b>860</b>
<b>Framført til inndekking i seinare år (udekkede beløp)</b>		<b>753</b>	<b>0</b>	<b>0</b>	<b>3 638</b>

Tabell: Investeringsrekneskap pr prosjekt med finansiering

### 3.11 korona

Grunna koronapandemien har også for 2021 vore eit økonomisk krevjande år både på utgifts og inntektssida, det vil difor vere naturleg å ha eit kapittel under økonomi som omhandlar desse konsekvensane.

Dei økonomiske sidene kan delast inn i drift av kommunen og stimuleringsmidlar som er gjeitt for å stimulere privat næringsliv.

#### Drift

Det er oppretta kodar for kostand knytt til Covid-19 (Corona 334, Smittevern 339 og Vaksinasjon 340) der meirutgifter knytt til pandemien skulle førast. Tala som kjem fram på oversikten ført på denne koden vil ikkje vere 100% sikre, då ein del utgifter er vanskeleg å definere som kjøp grunna pandemien, samstundes som det og kan ha gleppe å ikkje sette på koden. Vi ser og at ein del av utgiftene knytt til vaksinasjon er ført på kode 334 Corona.

Eit eksempel er kjøp av helsetenester på KOS, faktura for kjøp av desse tenestene er ikkje splitta i kjøp grunna korona og kjøp til vanleg drift, samstundes som vi veit at i periodar har kjøp av denne tenesta vore knytt til fråvær grunna korona.

Det er difor gjort eit estimat på dei områda som vi ser det har gleppe og satt på respektive kodar.

Estimert kostnad Corona		
Prosj kode	Prosj(T)	Rekneskap (1)
334	CORONA	746 456,00
339	Smittevern - Rammetilskot 2021	524 881,00
340	Vaksinering/testing Covid -19	45 690,00
	Overtid KOS. Ikkje på kode	1 000 000,00
	Covid -19 vaksinasjon ikkje ført på kode	274 000,00
	Bruk vikarbyrå KOS, estimat knytt til Corona	1 500 000,00
	<b>Sum</b>	<b>4 091 027,00</b>
Estimert tapte inntekter		
Brukarbetaling KOS	3401	1 000 000,00
	<b>Sum</b>	<b>1 000 000,00</b>
Ekstraordinære inntekter		
Kompensasjon ekstrapgifter og inntektsbortfall covid-19, ramme 4,4 mrd. kroner		1 994 000
Kontrolltiltak smittevern, ramme 321 mill. kroner		500 000
Koronavaksinasjon, Innst. 233 S (2020-2021)		225 000
Generell kompensasjon 2. halvår		451 000
Vaksinasjonskostnader 2. halvår		341 000
Kompensasjon ekstrapgifter fordelt delvis etter kostnadsnøkkel og delvis til kommuner med ekstra store behov		137 773
Kompensasjon merutgifter Stortingsvalg		33 000
<b>Sum</b>		<b>3 681 773</b>

Tabell: Oversyn korona

### Stimuleringsmidlar

Kviteseid har samla fått kr 1 432 000,- i stimuleringsmidlar som skulle gå til næringslivet som har vore ramma av pandemien med redusert omsetnad. Nokre av midlane skulle og stimulere til auka aktivitet.

Desse midlane fordelar seg på 4 ulike tilskot:

Mars 2021: kr 250 000,-

April 2021: kr 323 000,-

Juni 2021: kr 402 000,-

Desember 2021 kr 457 000,-

Det er overført kr 80 000,- frå 2020 til 2021

462 000,- er overført til 2022. (Tilskot fått i desember + 5 000,- ikkje bruk frå tidlegare ordningar)

Det er samla gjett kr 1 050 000,- i tilskot i 2021, fordelt på 16 tilskot og 12 mottakarar.

## 4 Organisasjon - medarbeidarar

Arbeidsgjevarpolitikken skal med verdiar, haldningar og verkemiddel i samhandling med dei tilsette, sørgje for utviklinga av effektive tenester av høg kvalitet for kommunen sine innbyggjarar. Dette ligg i botnen for kommunen sitt verke.

Arbeidsgjevarstrategien skal medverke til at Kviteseid kommune står fram som ein god og profesjonell arbeidsgjevar slik at vi greier å behalde viktige medarbeidarar. Arbeidstakarar som er stolte av arbeidsplassen sin, er dei viktigaste ambassadørane for å sikre framtidig rekruttering.

Alle tilsette i Kviteseid kommune har kvar dag gjort sitt beste for å gje innbyggjarane gode tenester og gode produkt.

### 4.1 Rapport handlingsplan

Arbeidsgjevarpolitikken og lov- og avtaleverket er utgangspunktet for alt personalarbeid med HMS og IA på alle nivå i kommunen.

Kommunedirektøren har det faste daglege arbeidsgjevaransvaret i kommunen.

Tabellen under viser tiltaka som vedteke i handlingsprogrammet for 2021 og status for tiltaka ved årets slutt.

Tiltak i handlingsplan for 2021	Resultat
<i>Gjennomføre medarbeidersamtaler med minst 50 % av fast tilsette i kvar eining</i>	<i>Delvis gjennomført</i>
<i>Oppfølging av sjukemeldte i samsvar med rutine i HMS-systemet og redusere det totale sjukefråværet i høve til 2020</i>	<i>Oppfølging gjennomført.. Svak auke på 0,53 %.</i>
<i>Oppretthalde ein tett og god dialog med dei tilsette.</i>	<i>Gjennomført</i>
<i>Minst 2 personalmøte pr. år pr. eining med HMS og IA som tema</i>	<i>Delvis gjennomført</i>
<i>Oppfølging årsplan med bedriftshelsetenesta</i>	<i>Gjennomført</i>
<i>Grunnkurs i HMS for verneombod</i>	<i>Gjennomført – eit verneombod</i>
<i>Grunnkurs i HMS for leiarar</i>	<i>Gjennomført – to leiarar</i>
<i>Lukke alle HMS-avvik</i>	<i>Delvis gjennomført</i>
<i>Vernerundar - oppfølging og lukking av ev. avvik</i>	<i>Delvis gjennomført</i>
<i>Lovpålagt målretta helseundersøkingar av: - tilsette uteavdeling</i>	<i>Gjennomført av Bedriftshelsen AS</i>
<i>Lovpålagt helsetest /kartlegging og helsegodkjenning – brann- og røykdykkarar</i>	<i>Gjennomført av Bedriftshelsen AS</i>
<i>Søkje tilskot til ekspertbistand frå NAV ved behov</i>	<i>Ikkje nytta dette tilbodet, ingen nytteverdi no. Auka samarbeid med NAV om langtidssjukemeldte</i>



## 4.2 Tilsette

Tabellen under viser utviklinga i talet på årsverk.

Det er eit sterkt press på bemanning for å oppnå ønskt kvalitetsutvikling av tenestene.

Stillingsoversikt årsverk									
	2015	2016	2017	2018	2019	2020	2021 - Arena	Tiltak 2021	31.12.2021
Politisk verksemd	1,5	1,5	1,4	1,40	1,40	1,40	1,40		1,40
Rådmann	2,4	3,2	4,0	4,00	4,00	3,00	3,00		3,00
Fellestenestene (3 stillingar ut frå 2019/2020)	6,95	6,6	7,0	7,00	7,00	3,00	3,00		3,00
Barnevern	14,1	14,5	14,1	14,10	14,10	14,10	14,67	-0,6	14,07
Adm Helse og omsorg	1,5	1,5	1,0	1,00	1,00	1,00	1,00		1,00
Tenestekontor			2,4	2,40	2,70	2,60	2,60		2,60
Kviteseid omsorgssenter	32,65	32,2	32,4	32,40	32,21	32,40	32,40	0,4	32,80
Heimetenestene	23,91	22,4	23,6	23,63	23,12	23,86	23,76		23,76
Kjøken	3,74	3,7	3,7	3,74	3,74	3,74	3,74		3,74
Funksjonshemma	19,32	21,5	21,8	21,78	22,80	24,57	24,57	2,79	27,36
Helsesenter	15,08	15,1	18,6	18,55	18,55	15,05	15,67	-0,8	14,87
Anna undervisning	6,31	5,9	5,2	5,21	5,96	5,91	5,39		5,39
"timebank" i skulen	0	-	-	-	-	-			-
Kviteseid skule	31,56	30,9	31,4	31,73	30,56	31,13	33,64	-1	32,64
Fjågesund skule	0	-	-	-	-	-			-
Straumsnes oppvekstsenter, Vrådal	11,37	9,1	7,0	6,79	6,57	6,24	3,63		3,63
Brunkeberg oppvesktsenter Barnehage	13,55	12,8	11,8	11,76	13,64	9,20	9,10		9,10
Brunkeberg oppvesktsenter Skule				-	-	5,10	5,49		5,49
Kviteseid barnehage	11,6	11,4	12,6	11,64	12,80	11,62	11,62		11,62
NAV	2,5	2,0	1,4	1,40	1,40	-			-
Samfunnsutvikling og teknisk drift	27,85	25,7	25,0	24,18	23,19	22,57	23,32	-0,9	22,42
Lærling	1	1,0	3,0	3,00	3,00	3,00	3,00		3,00
<b>Totalt</b>	<b>226,89</b>	<b>221,00</b>	<b>227,41</b>	<b>225,71</b>	<b>227,74</b>	<b>219,49</b>	<b>221,00</b>	<b>-0,11</b>	<b>220,89</b>

Tabell: Stillingsoversikt 2015-2021

### Lærlingar

Kommunen har stillingsheimlar for tre lærlingar.

To lærlingar innan helsefag som er midt i lærlingperioden..

Ein lærling som barn og ungdomsarbeidar som var ferdig medlærlingtida 31.12.21, er no er i vikariat i barnehage.

## **4.3 Personalpolitikk**

### **Organisasjonsutvikling**

Kviteseid kommune har fokus på eit kontinuerleg arbeid med å forbetre kommunen si evne til å handtere endring i og utanfor verksemda. Dette arbeidet handlar mykje om planlegging og å sette i verk systematisk tiltak. Det økonomiske handlingsrommet og personalressursar har sett ei grense for kor langt ein kan gå dette arbeidet.

### **Kompetanseutvikling**

Budsjettposten for stipend er svært låg.

Sjå sektorområdet for helse og omsorg når det gjeld utdanning, kompetanseutvikling og statleg stønad til kompetanseutvikling i samband med Kompetanseløftet.

Sjå sektorområde for skule og barnehage når det gjeld statlege stønadsordningar for vidareutdanning.

### **Leiarutvikling**

Det har ikkje vore sett av midlar til leiarutvikling i 2021.

### **Leiarforum**

Det vart gjennomført 3 samlingar i leiarforum gjennom året, der og hovudtillitsvalde i dei største organisasjonane, Fagforbundet, Utdanningsforbundet, fellesorganisasjonen og Norsk Sykepleierforbund har delteke. I tillegg har hovudverneombodet vore med.

Tema for desse samlingane har m.a. vore økonomi og personalforvaltning:

- budsjett 2021 - økonomiplan
- reviderte reglement og retningsliner
- FN's bæremål v/FN Sambandet
- handlingsprogram

### **Jubilantar**

Kviteseid kommune har ein stabil og god arbeidsstokk. I 2021 var ni tilsette med 25 års fast teneste i Kviteseid kommune.

## **4.4 HMS**

### **AMU (arbeidsmiljøutval)**

Det vart gjennomført 4 møte i utvalet, i samsvar med målsettinga. Ti HMS- reglement/prosedyrer vart revidert i 2021.

### **Bedriftshelsetenesta (BHT) - helseundersøking**

Det vert gjennomført årleg målretta helsekontroll/-sjekk av teknisk personell, røykdykkarar og fysisk test av Brannvesenet i Kviteseid kommunen. (*Sjå i tabell for tiltak over*)

### **Avvik**

Det kom inn 23 HMS-avvik som vart handsama i arbeidsmiljøutvalet.

### **Vernerundar**

Det vart gjennomført 3 vernerundar saman med lokale verneombod.

## **Branntilsyn**

Vest-Telemark Brannvesen IKS gjennomførte eit branntilsyn.

## **Arbeidstilsyn:**

Arbeidstilsynet har ikkje gjennomført HMS-tilsyn.

## **Rapporterte ulukker og skader:**

Det var ingen registrerte personskader i 2021.

## **Nærvær på arbeidsplassen - Sjukefråvær**

Kviteseid kommune jobbar aktivt med tilrettelegging og omplassering der det er mogleg, slik at tilsette med nedsett funksjonsevne kan bruke si restarbeidsevne i staden for å bli uføretrygda.

Det er stor arbeidsbelastning på tilsette, særleg innan omsorgssektoren. Mange år i same jobb gjev slitasje og er med og påverkar sjukefråværet, men dei tilsette stiller lojalt opp så langt det let seg gjera. I tillegg har koronasituasjonen hatt stor innverknad på fråværet. Det er diverre ikkje mogleg for løningskontoret å ta ut liste over fråvær

Det er lagt ned mykje arbeid med sjukeoppfølging og å involvere NAV, fastlege og andre i større grad. Jf. HMS-planen var målet om å auke nærværet.

Diverre hadde sjukefråværet ei svak auke på 0,53 % i 2021. Tilbakemeldingar og vurderingar tilseie at koronasituasjonen og restriksjonar rundt testing av tilsette, av tilsette sine nære og smittesporing elles, har ført til mykje fråvær blant tilsette. Oppfordringar frå myndigheitene om å bli heime om ein har symptom som minnar om forkjøling har òg ført til fråvær. Dette har gjort seg gjeldande særleg innan helse og omsorg.

Låg grunnbemanning generelt og mangel på sjukepleiarar spesielt, har over fleire år tæra på drifta og dei tilsette på KOS. Når restriksjonar rundt korona kjem i tillegg til dette, er det naturleg at det blir synleg i fråværsstatistikken.

Tabellen nedanfor syner utvikling i totalt sjukefråvær registrert på løningskontoret.

1. Tabell: Sjukefråvær i den kommunale organisasjonen 2015 - 2021

	2015	2016	2017	2018	2019	2020	2021
1. kvartal	11,41	10,1	6,24	8,38	6,3	8,4	9,99
2. kvartal	10,98	9,29	4,48	8,04	5,15	6,85	8,57
3. kvartal	7,93	6,73	7,26	5,96	5,64	9,7	9,26
4. kvartal	8,25	6,9	8,5	6,32	5,66	9,21	8,04
<b>Totalt</b>	<b>10,00</b>	<b>8,16</b>	<b>6,65</b>	<b>7,55</b>	<b>5,7</b>	<b>8,48</b>	<b>10,39</b>

## **Kommunetrim**

Grunna den økonomiske situasjonen, vart det heller ikkje gjennomført kommunetrim i 2021.

## **4.5 Likestilling**

Kviteseid kommune jobbar for likestilling og mot diskriminering. Kommunen jobbar for inkludering og mangfald og har som mål at dette skal vera integrert i alle prosessar i kommunen si verksemd.

Fordelinga mellom menn og kvinner mellom sektorane er tradisjonell, med hovudvekt av kvinner både i helse- og omsorgssektoren og i skule og barnehagesektoren. I teknisk uteavdeling er det berre menn.

Kjønnsfordelinga mellom sektorane er normal for ein kommune og heng saman med tradisjonelle val av yrke.

## **4.6 Intern kontroll og etikk**

Leiarane har fokus på grunnleggjande verdiar og konsekvensar av alternative handlingar. Det vert fortløpande arbeid med å revidere interne retningslinjer og rutinar.

Det gode arbeidet som går føre seg i einingane og på sektor og leiarnivå vart vidareført og sikrar ein høg etisk standard i kommunen.

Kommunen nyttar kvalitetssystemet Compilo som alle tilsette har tilgang til, med tilgang til gjeldande retningslinjer, prosedyrar og reglement som gjeld HMS og personal. Det er avviksmodul for HMS og i fyrste omgang skal nyttast som avvikssystem. Det vert samstundes jobba for at dette skal vere eit internkontrollsystem, som både gir god oversikt over retningslinjer og rutiner. Arbeidet med avvik skal føre til styrking av internkontrollsystem i kommunen.

Det er og eigne rutinar for månadleg rapport av rekneskap mot budsjett for einingsleiarane. Og kontroll av lønsutgifter mot rekneskap.

## 5 Sektorovergripande tenester

### 5.1 Rapport handlingsplan

<b>Tiltak</b>	<b>Resultatindikator</b>
Gjennomføre opplæring i økonomi og økonomisystem for einingsleiarane	Er gjennomført individuelt og samla ved budsjettrevisjonane.
Følgje opp IKT-strategien for regionen med særleg vekt på skule og helse	Etablere eit fungerande IKT-system for skulen. Gjere helsetenestene i stand til å kommunisere elektronisk med andre
Følgje opp felles arbeid i regionen med vidareutvikling av vår web-side	Levande heimeside, med oppdatert informasjon

### 5.1 Rådmann og Fellestenester

Samla sett utgjer rådmanneneinga 3,0 årsverk og Fellestenestene 4,0 årsverk og femnar om budsjett og økonomi, arkiv, sentralbord, næring og personal.

				<b>Ephorte</b>	<b>Elemements</b>
<b>Arkiv</b>	<b>2018</b>	<b>2019</b>	<b>2020</b>	<b>2021</b>	<b>2021</b>
Tal på inngående journalposter	4696	4612	4406	4635	19
Tal på utgåande journalposter	3014	3092	2703	2678	2
Tal nye saker under behandling	1799	370	1465	2497	18
Tal journalposter ikkje satt ferdig uansett årstal	179	330	191	0	0
Tal på antall saker med status under behandling	3034	5917	5742	0	18

Aktivitet tal for arkiv

<b>Utval</b>	<b>Møte 2020</b>	<b>Politiske saker 2020</b>	<b>Møte 2021</b>	<b>Politiske saker 2021</b>
<b>Kommunestyret</b>	<u>9</u>	<u>98</u>	<u>8</u>	<u>74</u>
<b>Formannskapet</b>	<u>10</u>	<u>121</u>	<u>14</u>	<u>147</u>
<b>Klima, miljø og oppvekst</b>	<u>4</u>	<u>30</u>	<u>3</u>	<u>17</u>
<b>Administrasjonsutval</b>	<u>5</u>	<u>10</u>	<u>4</u>	<u>10</u>
<b>Arbeidsmiljøutval</b>	<u>4</u>	<u>20</u>	<u>5</u>	<u>33</u>

Oversyn over saker i dei ulike utvala

## 6 Helse og omsorg

### 6.1 Sektorleiing

Administrasjonen i helse og omsorg har 1 årsverk som kommunalsjef og 2.6 årsverk på tenestekontoret.

#### Covid-19

Pandemien påverka i stor grad drifta i helse og omsorg i 2021.

Me kjem attende til pandemien i fleire samanhengar i årsmeldinga, men eg vil nemne nokre hovudutfordringar og oppgåver knytt til dette.

1. beredskapsarbeid, arbeid med planar og organisering, t.d. oppretting av smitteisolat i samarbeid med Seljord kommune, og ei intensjonsavtale med Seljord, Tokke, Vinje og Tinn kommunar om samarbeid om døgnbemanna tenester ved utbrot av pandemi
2. driftsutfordringar i samband med karantenerreglar, dette har påverka drifta mykje i alle einingar, men særskild KOS med si låge grunnbemanning og vakante stillingar
3. omstilling av tenester, det har blitt jobba med å tilpasse tenestene til kva som til ein kvar tid har vore gjeldande retningslinjer i samband med pandemien
4. rapporteringar, dette har me bruka mykje kapasitet på
5. nye møte- og kommunikasjonsformer, me har på godt og vondt tilpassa oss den nye kvardagen

Arbeidet med pandemien har i veldig stor grad påverka og lagt føringar på kva me elles har hatt kapasitet til og fått gjort. Me har lært mykje om pandemiarbeid og gjort både positive og negative erfaringar. Me tek med oss lærdomen vidare.

Me har ikkje brukt mykje ressursar på handlingsprogrammet, men me har freista å fylgje opp ein del saker. Dette er kommentert i årsmeldinga.

Dei tilsette i Helse og omsorg i Kviteseid kommune gjorde i 2021 ein fantastisk innsats i ei krevjande tid. Dette er det mange som har sett stor pris på.

#### Samhandlingskoordinator

Funksjonen som samhandlingskoordinator er eit spleiselag mellom Sykehuset Telemark (STHF) og kommunane i Vest-Telemark. Ansvarsområdet er relatert til samarbeid mellom sjukehuset og kommunane, med fokus på oppfølging og revisjon av avtaler, faste fag – og samarbeidsmøte, samt ulike prosjekt som medverkar til utvikling av helse og omsorgstenestene i regionen og fremjar samhandlinga mellom kommunane og STHF.

Året 2021 er fyrste året med den nye samarbeidsstrukturen *Helsefellesskap*, som er forankra i avtale mellom KS og regjeringa. Intensjonen med Helsefellesskapet er at helseføretaket og kommunane i opptaksområdet skal møtes for å planlegge og utvikle tenestene saman. Helsefellesskapet er etablert i ein tre-delt samarbeidsstruktur med Partnerskap, Strategiske samarbeidsutval og Faglege samarbeidsutval. Samhandlingskoordinatorane utgjør sekretariatfunksjonen i Helsefellesskapet.

Det er skrive eigen årsrapport frå arbeidet i Helsefellesskapet, som er tilgjengeleg på [Samhandling - Sykehuset Telemark \(sthf.no\)](https://sthf.no) Rapporten syner deltakarar på ulike nivå i Helsefellesskapet, kva for satsingsområde som er prioritert i 2021 og status i arbeidet per 31.12.2021.

Pågåande prosjekt i 2021 har vore:

Prosjekt	Prosjekteigar
Akuttkjedeprojektet	STHF
Desentralisert kreftbehandling, lindrande behandling og omsorg	Tokke kommune
Velferdsteknologiprojektet, Kviteseid er vertskommune	Vest-Telemarkrådet,
Vurdering av Rask psykisk helsehjelp (RPH) i Vest-Telemark	Kommunane i Vest-Telemark
Gode pasientforløp, Kviteseid kommune er med	Kvar kommune/KS

### Folkehelse:

Ein av helsesjukepleiarane har i tillegg funksjonen som folkehelsekoordinator. Ho jobbar med folkehelse innanfor ressursen sin, og måtte prioritere tidsbruken strengt.

### Velferdsteknologi:

Me har i løpet av 2021 jobba vidare med velferdsteknologiprojektet i saman med dei andre kommunane i Vest-Telemark. Me har m.a. fått på plass mobil omsorg og elektroniske pilledispensarar. Me har og jobba med DigiHelse. I dette arbeidet får me veldig god hjelp og støtte frå prosjektleiar i velferdsteknologi, Anne Guro Hommo som var tilsett i Vest-Telemarkrådet.

### Handlingsprogram:

Tiltak	Resultatindikator	Resultat
Oppfølging av planstrategi: Helse- og omsorgsplan	Plan ferdig 2021/2022	Planarbeidet vart utsett til nyåret 2022

### Tenestekontoret

Tenestekontoret har til saman 2,6 årsverk fordelt på 3 tilsette. Kontoret held til på kommunehuset og har ope alle kvardagar. Frå og med 1.4.2021 er 0,8 stilling midlertidig overført til annan eining slik at eininga i store delar av 2021 har hatt 1,8 stilling. Med redusert kapasitet, har me prioritert arbeidet med tildeling av tenester og vedtak. Me har sett ein del plan- og systemarbeid på vent.

Tenestekontoret skal ta imot og handsame søknadar, fatte avgjersler og einskildvedtak om tildeling av tenester som i hovudsak omfattast av *helse- og omsorgstenesteloven*.

Tenestekontoret tek fyrste kartleggingsbesøk hjå søkjar av tenesta og formidlar vidare til einingane.

I 2021 er det gjort 322 vedtak i pleie – og omsorg. Drifta er tilpassa Covid- 19 og ein har ikkje hatt høve til så mykje felles aktivitetar med opplæring m.m. som ein har ynskt. Me har ansvaret for sakshandsaming av søknader til Husbanken, startlån og tilskot. Det har i 2021 vore kr 3 000 000,- til startlån og kr 180 000,- til tilskot (tilskot er inne i budsjettet som rammetilskot). Tenestekontoret administrerer TT-ordninga. Søknad, legeattest og vår uttale blir sendt vidare til fylkeskommunen for vedtak. Me handsamar også søknadar om fylgjekort (“Ledsagerbevis”).

Tenestekontoret er ansvarleg for samhandling mellom 2.linje-tenesta (sjukehus), legetenestene og pleie- og omsorg i kommunen ved e-meldingstenesta. Me overvakar e-

meldingar kvar vekedag og er ansvarleg for å formidle vidare til einingane og finne tilbod til pasient/brukar med endra hjelpebehov.

Tenestekontoret har og funksjonen som kommunen si koordinerande eining for habilitering og rehabilitering. Koordinerande eining skal medverke til å sikre heilskaplege og koordinerte tilbod til pasientar og brukarar med trong for tenester frå fleire fagområde, nivå og sektorar. Ansvaret omfattar alle pasient- og brukargrupper med trong for langvarige og koordinerte tenester. Koordinerande eining har eit overordna ansvar for individuelle planar og for oppnemning, opplæring og rettleiing av koordinatorane i kommunen.

Tenestekontoret har og ansvaret for eigenbetaling og vederlagsberekning for tenestene i pleie- og omsorg, samt systemansvar for programvare Profil og GAT.

### Handlingsprogram:

<b>Tiltak</b>	<b>Resultatindikator</b>	<b>Resultat</b>
<i>Halde fram med arbeidet med å byggje opp eit kvalitetssystem</i>	<i>God kvalitetssikring av sakshandsaminga</i>	<i>Med redusert kapasitet, fekk me ikkje jobba så mykje med dette som planlagd</i>
<i>Arbeide for auka kompetanse innan sakshandsaming i tenestekontoret og koordinerande eining</i>	<i>Forsvarleg sakshandsaming og vedtak for den einskilde søkjar. Forsvarleg tverrfagleg samarbeid kring personar med langvarige og koordinerte helse- og omsorgstenester</i>	<i>Med redusert kapasitet, fekk me ikkje jobba så mykje med dette som planlagd</i>
<i>Undervise einingane i helse- og omsorg i IPLOS-rapportering og KPR</i>	<i>Betre rapportering til sentrale styringsmakter</i>	<i>Med redusert kapasitet, fekk me ikkje gjennomført undervisning som planlagd</i>
<i>Halde fram med arbeidet med kriterier for tildeling av tenester</i>	<i>Likebehandling av søkjarane av tenester</i>	<i>Med redusert kapasitet, fekk me ikkje jobba med dette som planlagd</i>
<i>Halde fram med arbeidet med kompetanseheving og rettleiing av koordinatorane</i>	<i>God koordinering av tenestene til den einskilde brukar</i>	<i>Med redusert kapasitet, fekk me ikkje jobba med dette som planlagd</i>
<i>Starte arbeidet med Compilo og etablere rutinar for arbeid med avvikshandtering for å medverke til auka kvalitet i tenestene</i>	<ul style="list-style-type: none"> <li>• Trygge og gode tenester</li> <li>• Kultur for deling av avvik</li> <li>• Bruke avvik i forbetningsarbeid</li> </ul>	<i>Systemet er i bruk</i>



## **6.2 Kjøken og vaskeri**

Kjøken: 3,04 % årsverk

Det er ein person som nyttar ein VTA plass her på kjøkenet, 4 dagar i veka. Det er utviklande for personen og til god nytte for kjøkenet.

Me har hatt fokus på mat svinn heile året.

Kvart år har me IK-mat revisjon. Kontroll av ymse rutiner på kjøkenet. Her får me toppskår!!

Kjøkenet har i snitt levert middag til Lundenjordet 7 dagar i veka, om lag 8 til 11 personar har nytta dette tilbodet.

Det har blitt servert fire måltid på KOS kvar dag, med frukost kl. 0900, lunsj kl. 1200, middag kl.1500 og kveldsmat kl. 1700.

Kjøkenet har lagt stor vekt på å servere ein variert, god og næringsrik kost til brukarane. Me har hatt ein 5 vekers meny som vart rullert. Det var om lag 29 middagsrettar og om lag 25 lunsjrettar. Kake/dessert vart servert annankvar dag. Det vart og lagt vekt på ønskekost og spesialkost og diettar.

Kjøkenet starta opp igjen med «Eldre hjelper eldre» feb.2021. Tilbodet blei endra frå 3 dagar til 2 dagar. Dette vart særst godt motteke av brukarane.

Det har vore lite catering i 2021 grunna pandemien. «Torsdag-treffen» har vore avlyst.

### **Vaskeri:**

0,70% årsverk.

Vaskeriet har vore bemanna 3 dagar og 4 dagar anna kvar veke. Alt pasienttøy vart nøye sortert før vask, deretter vart det tørka, stryke og sortert på tralle. Vaskeriet vaska alt av arbeidstøy for kjøkenet, KOS, HSJP og legekantor. Vaskemaskinene/vaskerommet er gammaldagse og oppfyller ikkje krava som gjeld i dag. Som m.a. rein og urein sone. Med dei føresetnadane, så har vaskeripersonalet utført ein særst god jobb i denne pandemiperioden. Me bør sjå på om me kan investere i eit nytt vaskeri.,

### **Covid-19:**

Kjøken/vaskeri har hatt lite koronarelatert fråver i 2021. Det vart utarbeidd rutiner for vaskeri, m.o.t. levering av smittetøy. Kantina vart stengt for utanforståande. Grunna av smittefare så har kjøkenpersonalet isolert seg frå avd. på KOS. I april hadde me det fyrste utbrotet med korona. Kjøkenet leverte mat direkte til isolat som var på KOS, med egne rutiner på det. Kjøkenet har vidareført planen/avtala med eksterne kokkar/»husmødre» som vikara på kjøkenet. Viss dei faste kokkane måtte ut i karantene. Det vart laga ein forenkla meny som skulle nyttast i ein slik periode. Middagar, dessert og kaker blei produsert og oppbevarte i «korona-frysaren» som skulle nyttast av kjøkenvikarane. Dette vart KOS informert om.

## Handlingsprogram:

Tiltak	Resultatindikator	Resultat
<i>Gjennomgang av tidsbruk på ulike arbeidsoppgåver på eininga</i>	<i>Meir effektiv drift. God utnytting av personalet</i>	<i>Betre utnytting av personalet gjennom meir dedikerte oppgåver</i>
<i>Jobbe vidare utvikling av 4 måltid pr. dag. Kjøkenet skal vera med i ernærings kartlegging av pass.</i>	<i>Gjeva brukarane næringsrik, variert heimelaga mat. God matoppleving.</i>	<i>Vert fornya og tilpassa brukarane jamnleg</i>
<i>Energi sparing-enøk, medviten bruk av elektrisk utstyr</i>	<i>Nedgang i energi/ straumforbruk</i>	<i>Slå på og slå av maskiner til rett tid</i>
<i>Eininga tilbyr praksisplass til skuleelevar og andre som treng det</i>	<i>Eininga tek i mot personar som treng praksisplass</i>	<i>Kjøkenet har hatt ein person i heile 2021, og hatt stor glede og nytte av det</i>
<i>Inføre ``eldre hjelper eldre`` frå 1/2 -21 To dagar i veka.</i>	<i>Gjeva heime buande pensjonistar tilbod om eitt godt og variert middags kosthald. Mat er medisin og trivsel.</i>	<i>Dette vart gjeninnført til stor glede for brukarane</i>
<i>Halde fram med arbeidet med Compilo og etablere rutinar for arbeid med avvikshandtering for å medverke til auka kvalitet i tenestene.</i>	<ul style="list-style-type: none"><li>• Trygge og gode tenester</li><li>• Kultur for deling av avvik</li><li>• Bruke avvik i forbetningsarbeid</li></ul>	<i>Me har rutine for avvik, og systemet vert nytta</i>

### 6.3 Heimetenesta

Heimetenestene er som kjent ei relativt uføreseieleg teneste som er vanskeleg å dimensjonere. I Kviteseid er det lange avstandar, ein del turisme og ikkje minst mange eldre innbyggjarar. Brukarane sine behov kan endre seg raskt, og ein kan få nye brukarar med både små og omfattande behov på kort varsel. Ein har etter lovverket krav på helsehjelp der ein oppheld seg, og heimetenesta har heller ingen øvre grense på talet på brukarar. Det kan aldri bli «fullt». Det er behovet for helsehjelp som avgjer om ein har rett på hjelp, ikkje kapasiteten og ressursane.

Me veit at talet på eldre vil auke i åra framover, og at stadig meir avansert pleie og behandling skjer ute i kommunane. Det er ikkje berre eldre som har behov for hjelp i heimen. Det er og yngre personar med kortvarige behov, eller med langvarige behov på grunn av kroniske sjukdommar. Me ser og ein klar tendens til at stadig fleire ynskjer å døy heime, og dette er ofte yngre brukarar. Dette kan vera svært utfordrande og krevjande situasjonar å stå i, og det krev god samhandling, god opplæring og høg kompetanse. Me har gjennom fleire år utvikla eit godt samarbeid med Palliativt team i STHF, noko som har vore heilt avgjerande for å kunne utvikle og gje eit godt tilbod.

Heimetenesta må vera ei sær sær fleksibel teneste med brei kompetanse. Fokus på fag og systemarbeid er viktig for pasienttryggleiken og kvaliteten på tenestetilbodet, og er heilt grunnleggjande for å møte dagens behov for helse- og omsorgstenester. For at dei tilsette skal oppleve meistring og tryggleik i jobben sin er det og heilt avgjerande å ha dette som eit fokus. Dei møter eit stort spenn av faglege utfordringar, og dei arbeider stort sett ute åleine. Fagsjuleleiaren er ei nykjelrolle i dette arbeidet.

Dagsenteret har i 2021 avslutta prosjektet «Aktivitetstiltak for å motverke einsemd hos eldre». Hovudfokuset i prosjektet har vore å gje dei eldre gode opplevingar og auka aktivitet gjennom Motiwiev. Dette er sykklar koplta til PC og skjerm, der brukaren kan sykle gjennom kjente trakter her i Kviteseid. Dagsenteret har og samarbeida med Frivilligsentralen om midlar me fekk til å arrangere «Eldre ut på middag». Eit særers vellykka arrangement som blei gjennomført på Straand hotell med 133 gjester.

Før sommaren omdisponerte heimesjukepleia sjukepleiarar til KOS for å hjelpe til med systemarbeid på medisinrommet og legemiddelhandtering.

Einingsleiar for heimetenesta gjekk av med pensjon i juni etter 9 år som leiar. Ny einingsleiar starta opp i slutten av august.

### **Covid-19:**

Pandemien har og prega 2021. Smittetrykket har heldigvis ikkje vore så høgt. Likevel har det vore ei stor utfordring å halde seg oppdatert på stadige endringar i reglar og retningslinjer, samt stadige endringar i rutiner ved handtering av utskrivne pasientar frå sjukehus.

Karantenereglane har ført til ein del fråvær hjå tilsette.

### **Handlingsprogram:**

<b>Tiltak</b>	<b>Resultatindikator</b>	<b>Resultatindikator</b>
<i>Fortsetje med systematisk kompetanseheving av alle tilsette Meir praktisk øving</i>	<i>Høgare fagleg kvalitet på tenesta ut til brukar Tryggare tilsette</i>	Ein tilsett har fullført vidareutdanning i psykisk helsearbeid og ein tilsett er under utdanning til å bli sjukepleiar. Fleire tilsette starte i haust opp på Eldreomsorgens ABC – geriatri. Dette varar i eitt år, og er organisert som eigenstudie og grupesamlingar med fordjuping i geriatri og sjukdomar hjå eldre. Det har vore vanskeleg å samle folk til praktisk øving på grunn av restriksjonar. Me har øva på det mest naudsynte når det har vore behov for det. I tillegg har det vore fokus på e-læring, særleg innan hygiene og smittevern
<i>Implementere «Livets siste dager» - plan for lindring i livets slutfase</i>	<i>Betre kvalitet på omsorg til døyande brukarar Betre ivaretaking av pårørande</i>	«Livets siste dager» er godt implementert i drifta. «Livets siste dager» sikrar ein betre og meir lik praksis i arbeidet med døyande, og er eit verktøy me vil halde fram med å bruke

<i>Oppstart/implementere mobil omsorg (fagsystemet Profil)</i>	<i>Tilgang på oppdatert pasientjournal ute hjå brukar Betre kvalitet på dokumentasjonen (kan dokumentere fortløpande)</i>	Mobil omsorg er og godt implementert i drifta. Mobil omsorg gjev oss tilgang på informasjon/pasientjournal ute i heimane, og gjer det og enklare å dokumentere.
<i>Starte med å implementere velferdsteknologi (Vest-Telemark prosjektet)</i>	<i>Auka grad av sjølvstende og eigenmestring hjå brukarane Kan utsetje trongen for tenester Meir effektiv og rett bruk av kompetanse</i>	Nyare velferdsteknologi som er tatt i bruk er elektronisk medisineringsstøtte, «Pilly». Erfaringar så langt er at det kan vera noko vanskeleg å finne rett brukargruppe for tilbodet, og at det er relativt dyrt i høve til nytta. Fram til no ser det ut til at det har fungert best hjå yngre brukarar
<i>Samarbeide / deltaka i NOKLUS-prosjekt</i>	<i>Kvalitetssikring av laboratoriearbeid i heimetenesta</i>	NOKLUS er godt implementert i tenesta, og har vore mykje nytta i samband med pandemien
<i>Innføre bruk av multidose (hausthalvåret)</i>	<i>Auka kvalitetssikring ved dosering og utlevering av medikament Betre ressursutnytting av sjukepleiarkompetansen</i>	Multidose har dessverre ikkje blitt innført ennå. Me ser at det vil vera heilt umogleg å setje i gang med dette før det er ei meir stabil legedekning på legekantoret
<i>Fortsetje arbeidet med rutiner - smittevern Opplæring av alle tilsette Sikre tilgang på smittevernutstyr Samarbeide med Seljord om isolat</i>	<i>Forebyggje smitte av Covid 19 Optimal behandling av evt. smitta brukarar</i>	<i>Dette vart jobba med gjennom året</i>
<i>Fortsetje justering av tilbodet ved dagsenter for heimebuande demente etter ny og lågare budsjetttramme</i>	<i>Brukarane får ut frå ny og lågare budsjetttramme eit tilpassa dagaktivitetstilbod. Avlastning for pårørande blir nedprioritert</i>	Dagsenteret er eit populært tilbod, og er ei god avlastning for pårørande. Me opplever at tilbodet bidreg til å utsetja behovet for institusjonsplass
<i>Justere tilbodet om praktisk hjelp/ heimehjelp etter ny og lågare budsjetttramme</i>	<i>Det har vorte eit dårlegare tilbod med ein redusert standard til brukarane</i>	Tidlegare kutt har ført til at denne tenesta og nærmar seg ei kapasitetsgrense. I tillegg blir dei tilsette tidvis

		omdisponert til heimehelpstenesta, noko som har gått ut over individuell oppfølging og gruppetilbod
--	--	---

## 6.4 Eining for funksjonshemma

EFF er ei eining i stadig vekst. Me yter tenester i skule, barnehage, på Krodokka dagsenter og i heimen til den enkelte. Brukargruppa er frå 1-85 år. Dette gjer at me har eit veldig spenn i tenesta. Det er veldig individuelt kva og kor mykje bistand den enkelte treng i kvardagen sin. Alle tenester styrast av den enkelte sitt vedtak. Leiar i eininga har også ansvar for støttekontaktar og avlastarar i kommunen uavhengig av årsaka til behovet for støttekontakt/avlastning. Kviteseid kommune har mange innbyggjarar med vedtak om støttekontakt/avlastning.

Stillingar:

- Me har hatt nokre utskiftingar blant personalet, og har klart å skaffa den kompetansen me treng på utlysingar i 2021.
- Me har hatt helsefagarbeidarlærling i 100 % stilling frå midten av august og ut året.

Viktige hendingar:

- Nytt bygg med 2 bustader og fellesområde er tatt i bruk. Avlastningsbustaden har foreløpig ikkje vore tatt i bruk, men står klar om det skulle bli behov for den. Lundenjordet har no 14 bueiningar og 1 avlastningsbustad. Dette er fordelt på 4 bygg.

Kompetanseheving:

- 1 tilsett er under utdanning til å bli vernepleiar.
- 1 tilsett er under utdanning i ein bachelorgrad i anvendt psykologi
- 2 tilsette er under utdanning for å bli helsefagarbeidarar
- 1 tilsett starta på fagskuleutdanninga i Miljøarbeid retta mot menneske med funksjonsnedsetting/utviklingshemming i Seljord.
- HAVO har etablert leiar- og fagnettverk for høgskulegruppa i fylket. Pga Covid – 19 har det ikkje vore nokon samlingar i 2021, men me håpar at nettverket er tilbake når det er mogleg med meir fysisk kontakt. Dette er eit nettverk som tidlegare år har vore særst nyttig med tanke på kompetanseheving.
- Me har stadig fokus på e-læringskurs gjennom året, da me har hatt mindre moglegheit for å delta på fysiske kurs pga pandemien.

Pandemi:

- Sjukefråveret har vore høgare enn tidlegare år grunna pandemien, da mange har vore i karantene fleire gonger. Me har også hatt fleire langtidssjukemeldingar gjennom 2021.
- Det krev mykje av leiing og tilsette å tenke smittevern i ein kvar situasjon og å halde seg oppdatert på stadig nye retningslinjer.
- Pandemien har gjort at me ikkje har kunna delta på like mykje aktivitetar for bebuarane som tidlegare år. Det krev meir av oss for å finne alternative fritidsaktivitetar og for å gi ein god kvardag og livskvalitet for dei me yter tenester til.

## Handlingsprogram:

<b>Tiltak</b>	<b>Resultatindikator</b>	<b>Resultatindikator</b>
<i>Gjeva bustad med oppfylging til utviklingshemma som har trong for det</i>	<i>Brukarane får eit tilpassa butilbod. Avlastningsbustad til dei som treng det</i>	<i>Dette har me fått til</i>
<i>Planlegging av nye bustader</i>	<i>Bygging av nye bustader i 2021</i>	<i>Dei nye bustadane vart ferdige i fjor</i>
<i>Tilrettelagt tilbod på dagtid med arbeid/dagsenter</i>	<i>Brukarane får eit tilpassa tilbod på dagtid</i>	<i>Brukarane har opplevd eit redusert tilbod grunna pandemien</i>
<i>Arbeide for meir systematisk kompetanseheving av alle tilsette. M.a. bruke: Mitt livs ABC – perm 2</i>	<i>Høgare fagleg kvalitet på tenesta ut til brukar</i>	<i>Fleire tilsette har fått auka kompetansen sin</i>
<i>Starte arbeidet med Compilo og etablere rutinar for arbeid med avvikshandtering for å medverke til auka kvalitet i tenestene</i>	<ul style="list-style-type: none"><li>• Trygge og gode tenester</li><li>• Kultur for deling av avvik</li><li>• Bruke avvik i forbetningsarbeid</li></ul>	<i>System er på plass og vert nytta</i>

## 6.5 Kviteseid omsorgssenter(KOS)

KOS har i 2021 hatt 36 sengeplassar fordelt på 4 avdelingar:

- Avd A – 9 langtidsplassar
- Avd B - 10 langtidsplassar
- Avd C – skjerma enhet – 6 langtidsplassar
- Avd D – 7 langtidsplassar, 3 korttidsplassar og 1 KAD plass (øyeblikkeleg hjelp). Det hender at korttids plass vert nytta til avlastning.

Normalt sett er ei innlegging på KAD-plassen avgrensa til 3 døgn, men det kan forlengast noko ved behov. Etter dette skal det vera avklara om pasienten skal innleggast på sjukehus, overførast til kort- eller langtids plass eller skrivast ut til heimen. KAD-plassen skal vera ein erstatning for innlegging på sjukehus, og det stiller store faglege krav til oss.

Belegg KAD-plass: 24 døgn

Belegg korttids-/langtids plassar: 101%

I 2021 har me for alvor opplevd kor sårbar drifta på KOS er m.o.t. låg grunnbemanning og låg sjukepleiedekning. I tillegg har me hatt sær store driftsutfordringar i samband med pandemien. Me måtte derfor fortsette med bruken av vikarbyrå for å drifte KOS forsvarleg. Me trappa gradvis ned bruken av vikarbyrå og innan utgangen av desember var det redusert frå 6 til 2 frå vikarbyrå.

Sidan Kviteseid kommune ikkje har forsterka skjerma avdeling, blei det også nødvendig å få til ei avtale med annan kommune i samband med eit konkret tilfelle.

Prosjektet Motitech, med Motiview som motivasjonsverktøy, vart utsett til 2022. Motievie er 1 av 25 løysingar som blir lyfta fram av Kvalitetsreformen «Leve Hele Livet» for å gjeva gode

opplevingar og øyeblikk i kvardagen og stimulere sansar og minne, rørsle og deltaking i sosialt fellesskap.

Slik situasjonen var på KOS, blei det nødvendig å sjå på den varsla katastrofa og korleis endre retning.

Det starta med eit allmannamøte i april, med invitasjon til alle tilsette, tilsynslege, kommunen sin administrasjon, tillitsvalgte og verneombod. Trana turnusplanlegging var invitert til å halde eit innlegg om turnus og moglegheiter. Det var semje om at me måtte «snu kvar stein» og sjå på ein arbeidsplan der me såg på bemanninga me hadde, medan me lyste ut nye stillingar. I denne prosessen har tilsette, som ynskte det, fått auka sine stillingar (både faste og vikariat). 4 nye sjukepleiarar vart tilsett. Alle gode krefter har spela på lag.

Ny arbeidsplan/turnus vart sett i kraft frå 04.10.2021.

Me fekk sær s god hjelp frå heimesjukepleia til å byggje opp eit nytt system for medikamenthandtering.

### **Covid-19/TISK**

Dette ovannemnde arbeidet har utført parallelt med fagutvikling på KOS og handtering av pandemi. Tilsette måtte friske opp basale smittevernsrutiner og det ble stilt store krav til smittevern og infeksjonskontrollprogram. Det blei også nødvendig å opprette isolat saman med Seljord, der me fordelte personell og utgifter. Dette fungerte godt. I tillegg har pandemien stilt store krav til dagleg drift.

### **Økonomi**

Det har vore jobbe mykje med å få økonomisk oversyn og kontroll. Kst. einingsleiar, kommunalsjef, økonomisjef og rådmann har jobba tett saman om dette. Dette har vore ein komplisert og stor jobb, der det var naudsynt å bruke mykje tid og krefter på dette. Me fekk gradvis betre kontroll og oversyn. Me var framleis ikkje heilt i mål på slutten av året i fjor, og arbeidet held fram inn i 2022.

Me har hatt eit veldig godt samarbeid innan helse og omsorg i løpet av dette året, og me spela har på lag.

Me har stått skulder ved skulder på KOS og lyfta i flokk. Dei tilsette har gjort ein fantastisk jobb i gjennom ei krevjande tid saman med kst. Einingsleiar.

### **Handlingsprogram:**

<b>Tiltak</b>	<b>Resultatindikator</b>	<b>Status</b>
<i>Korttids/rehabiliteringsavdeling – opptrening etter t.d. lårhalsbrot</i>	<i>Pasienten kan koma heim tidligare med rett opptrening</i>	<i>Pandemien førte til redusert aktivitet med fysioterapeut, og meistringsteam</i>
<i>Arbeide for meir systematisk kompetanseheving av alle tilsette, jfr samhandlingsreforma som krev stadig meir kompetanse i kommunane</i>	<i>Høgare fagleg kvalitet på tenesta ut til brukar</i>	<i>Det vart laga eit nytt system for medikamenthandtering</i>
<i>Vidare arbeid med Compilo og etablere rutinar for arbeid med avvikshandtering for å medverke til auka kvalitet i tenestene</i>	<ul style="list-style-type: none"><li>• Trygge og gode tenester</li><li>• Kultur for deling av avvik</li><li>• Bruke avvik i forbetningsarbeid</li></ul>	<i>Me er i god gang med å bruke systemet. Avviksmeldingar vert jobba med og nytta til læring</i>

<p><i>Sikre høg kvalitet på smittevernrutiner slik at dei tilsette kjenner seg trygg på dette gjennom opplæring</i></p> <p><i>Sikre tilgang til smittevernutstyr</i></p>	<ul style="list-style-type: none"> <li>• <i>Forhindre smitte av Covid 19 til dei som bur på institusjon</i></li> <li>• <i>Sikre god behandling av evt smitta bebuarar</i></li> </ul>	<p><i>Smittvernopplæring, fagleg oppdatering med e-læring og infeksjonskontrollprogram.</i></p> <p><i>Kommunikasjon med pårørande om smittevernsrutiner</i></p>
--	--	---

## 6.6 Helsesenteret

### Stillingar:

- Helsestasjon har 1,6 årsverk helsesjukepleiar og jordmor i eit interkommunalt samarbeid
- Psykisk helse og rustenesta har 4,7 årsverk. Eit årsverk er knytt til arbeid med barn og unge. 0,5 årsverk er sett av til fagleiar. P.t. varetek einingsleiar denne funksjonen.
- Fysio- og ergoterapitenesta har 1,2 årsverk fysioterapeut og 0,6 årsverk ergoterapeut. I tillegg har kommunen fysioterapeut med driftstilskot i 1 årsverk.
- Legekontoret har 2 legeheimlar i tillegg til 1 lege i spesialisering(LIS1). Me har 3,1 årsverk til hjelpepersonell, men har no ein vakans her for å møte innsparingskrav. Dei kontortilsette er sjukepleiarar og helsesekretærar.
- Med bakgrunn i innsparingsbehov vart det redusert frå 3 til 2 legeheimlar på legekontoret. Tidlegare kommuneoverlege sa opp si stilling og me har hatt vikar inne i den eine heimelen heile året. Me kjøper kommuneoverlegetenestar frå Seljord tilsvarande 0,3 årsverk. Me har ein kontortilsett ute i permisjon. Utover dette har det ikkje vore utskifting av tilsette på helsesenteret. Det er lite turnover og eit godt arbeidsmiljø blant dei tilsette i dag.

### Viktige hendingar:

- Det ble i 2021 landa ei avtale med Seljord kommune om felles kommuneoverlege
- Me fekk godkjenning som registrert utdanningsverksemd. Dette er viktig slik at me kan ta imot LIS3 legar etter kvart.
- Psykisk helse og rus søkte og fekk innvilga tilskot til midlertidig styrking av tenesta

### Kompetanseheving:

- 1 tilsett vernepleiar fullførte vidareutdanning i psykisk helse og rusarbeid
- 1 tilsett fagarbeidet fullførte vidareutdanning i psykisk helse og rusarbeid
- 2 tilsette tok i kurs/utdanning i «cannabismisbruk: førebygging og behandling».
- Einingsleiar fullførte nasjonal vidareutdanning for primærhelsetenesta(masteremne)

### Utviklingsarbeid:

- Det ble starta eit arbeid med eit vurderingsgrunnlag for samarbeid om rask psykisk helsehjelp (RPH) i kommunane Kviteseid, Seljord, Vinje, Fyresdal og Tokke. Målet med RPH er å kunne tilby rask psykisk helsehjelp til personar over 16 år med mild til moderat angst, depresjon, byrjande rusproblem og/ eller søvnnvanskar. Effektmål: tideleg innsats for å førebygge funksjonssvikt og redusert livskvalitet, auke arbeidsevne og hindre langtidsfråvær, gje direkte hjelp gratis og utan ventetid og styrke kompetansen innan rettleiing til sjølvhjelp og kognitiv terapi.
- Det igangsatte arbeidet med å utgreie eit samarbeid med legetenesta i Seljord blei avslutta



- Tilsette frå både psykisk helse og rustenesta og helsestasjon- og skulehelsetenesta har vore med i arbeidsgruppa BTI (Betre Tverrfagleg Innsats) og i «nettverksmøta» som er ei samarbeidsgruppe for helse, skule, politi og barnevern.
- Det vart haust 2021 utarbeid ein plan for legetenesta 2022 -2024

#### Pandemi:

- Sjukefråværet har vore høgare enn tidlegare år grunna pandemien, då mange har vore i karantene fleire gonger
- Helsesenteret har hatt store utgifter knytt til pandemi. Det har vore behov for auka bemanning på legekantoret for å handtere TISK arbeid og enkelte tilsette har arbeida mykje utover ordinær arbeidstid knytt til vaksinerings

#### 6.6.1 Helsestasjon- og skulehelsetenesta

- 23 gravide har hatt oppfølging av jordmor.
- Det vart ikkje arrangert fødselsforberedande kurs, barselgrupper eller foreldrerettleing i gruppe, grunna pågåande pandemi.
- Jordmor Else Hansen har vore tilsett i vikariatet, då Jordmor Merete Kaste har hatt permisjon frå stillinga si. Merete kom tilbake i stillinga si i desember 2021.
- Hovudtyngda av arbeidsoppgåvene til helsestasjonen er førebyggjande og helsefremmande oppgåver. Det vert utført lovpålagte tenester på helsestasjon- og skulehelsetenesta i form av individuelle konsultasjonar, samtaler med elevar, foreldre, undervisning, rettleing, deltaking på foreldremøte, samarbeidsmøte, ansvarsgruppemøter osv.
- Fødselstalet i 2021 var 25 stk. i Kviteseid. 2 av borna blir følgd opp i annan kommune, då dette er meir praktisk
- Me har hatt ein positiv tilvekst! Fleire nyttilflytta familiar busette seg i kommunen, og dermed fleire som nyttar seg av tilbodet til helsestasjon- og skulehelsetenesta.
- Skulehelsetenesta har eit godt samarbeid med skulane i kommunen. I tillegg har ein byrja arbeidet med å etablere eit tettare samarbeid med barnehagane. Dette held fram i 2022.
- Me deltek i «Sterk og klar.» I tillegg prosjektet «Betre saman!» (BTI). Båe prosjekt er i samarbeid med andre instansar i kommunen, slik som for t.d. skule og barnehage.
- Koordinatorarbeid for born og familiar held fram. Tenesta merkar auka pågang frå born som har trong for koordinator og koordinerte tenester. Me har eit nært samarbeid med tenestekantoret, med faste møte kvar fjerde måndag i månaden.
- Helsestasjon for ungdom (HFU) har hatt auka besøkstal. Dette året har me hatt drop-in igjen, og tenesta er tilbake i normal drift.
- Tenesta mista tilgangen til venterommet sitt vår/sommaren 2020 og har framleis ikkje venterom. Dette må ein få på plass i 2022.
- Elektronisk meldingsutveksling har no på plass, men tenesta får ikkje sendt elektroniske reseptar enno (modul i fagprogram forhindrar dette). Dette må ein ha som mål i 2022 at kjem på plass.
- Arbeidsmengda ved helsestasjon- og skulehelsetenesta har til tider vore krevjande og i overkant av det tenesta kan klare å handtere, men grunna godt arbeidsmiljø, fleksibilitet og god evne til samarbeid har ein fått det til.
- Me har til tross for dette fått utført alle lovpålagte oppgåver.

## 6.6.2 Psykisk helse og rustenesta

- Me ser at den kommunale tenesta i aukande grad får henvisningar med komplekse saker og omfattande hjelpebehov. Det er ein forventning frå 2. linetenesta at kommunane har kompetanse til å fylgje opp desse brukarane. Me ser eit stort behov for kompetanseløft om me skal klare å drive ein god fagleg teneste. Av nye henvisningar kom også i år det store fleirtalet frå fastlegane. Det var framleis individuelle samtaler som utgjorde hovudtyngda av arbeidsoppgåvene, i tillegg til dagsentertilbodet to-tre dagar i veka.
- Me har halde fram arbeidet med tydelegare retningslinjer, interne rutinar, samarbeid med andre tenester og stillingsomtaler i tenesta vår. Det er trong for vidare arbeid her, men me kom i 2021 godt i gang med bruk av kartleggings skjema for kvar ny brukar på vaksensida. Me hadde og eit større fokus på evaluering av brukaroppfølginga undervegs. Dette er ein viktig del av teamarbeidet, for å sikre forsvarlege tenester, og for å kunne få støtte og innspel frå kvarandre i tunge saker.
- Ruskonsulentfunksjonen er framleis i utvikling og det er etablera ei nettverksgruppe for denne funksjonen på tvers av kommunane. Eit slikt samarbeid har vore hensiktsmessig og medverkar til trygging og utvikling av tilsette si rolle. Utviklinga av ruskonsulentfunksjon i kommunen og arbeidet med å utvikle ei heilskapleg teneste til brukarar med denne problematikken er ein del av prosjektet etablera med midlar frå tilskotsordninga «kommunalt rusarbeid». Målet med prosjektmidlane er å utvikle tilbodet med vekt på m.a. auka brukarmedverknad i tenestene, tidleg innsats og meir heilskaplege og tilgjengelege behandlings- og oppfølgingstenester. Det var i 2021 snakk om at Kviteseid i likskap med andre Vest-Telemark-kommunar skulle bli ein SLT-kommune, men dette har foreløpig vert satt på vent pga. begrensa økonomi og ressursar.
- Me har i 2021 halde fram med brukarmøte annankvar veke, for drøfting og rettleiing i saker. Rettleiing sett i system gjer det enklare å utnytte kvarandre sin kompetanse for å sikre best mogleg hjelp til brukarane våre, utvikle oss i eige arbeid og stå stødigare i det viktige arbeidet me gjer.
- Samarbeidsmøte med legar ein gong i mnd har i stor grad utgått, mykje pga. tidspress og prioritering av andre oppgåver. Me ser eit behov for å halde fast i desse møtepunkta framover, då legane er ein viktig samarbeidspartnar for oss. Me har framleis møte med tenestekontoret ein gong i mnd. I tillegg har me «psyk.team» med DPS ca. Kvar 6. veke. Dette møtet har vorte noko sjeldnare i år pga. pandemien.
- Arbeidet i psykisk helse barn og unge har i 2021 halde fram med å ha fokus på utvikling av tverrfagleg samarbeid på systemnivå. Faste samarbeidsmøte med Kviteseid skule, om lag ein gong i månaden, sos.ped ved Kvitsund kvar 14. dag, samarbeidsmøte med helsestasjon, fysioterapeut og jordmor kvar 14. dag, BUP-drøftingar fire gonger i året, samarbeidsmøte med tenestekontoret ein gong i månaden, i tillegg til planlegging BTI og Nettverksmøte som nemnd over. Me har og hatt faste ART-timar i samarbeid med sosiallærar i 7. klasse ei gong i veka i tillegg til jentegruppe og guttegruppe i 5. klasse og jentesnakk i 8. klasse. Me har veiledningsgruppe på tvers av Vest-Telemark kommunane i regi av kommunepsykologane, denne er p.t. satt på vent pga. vakanse på psykologar.

- Tenesta vår har vore prega av nok eit år med pandemi, spesielt dagsenter-tilbodet. 2020 ga oss erfaring på kor viktig det er for folk å kunne møtast fysisk, så me forsøkte å oppretthalde dette, iallfall ein-til-ein.
- I oktober laga me ein liten markering av verdsdagen for psykisk helse. Me fekk sponsa vaffelrøre av Aasmundsen bakeri, og hadde stand i sentrum. Her delte me ut gratis vaflar, og tok ein prat med dei som ønska det. Me hadde og eit håp om å kunne rekruttere fleire støttekontaktar, då me ser eit stort behov for det i vår teneste. Verdsdagen vart også markera på skulen.
- Før sumaren søkte me og fekk tilslag på mellombels styrking av eksisterande behandlingstilbod innan psykisk helse og rusarbeid(statsbudsjetten kapittel 765 post 21). Me fekk tildelt 825 000 kroner. Me hadde planer om eit større arbeid med å styrke kvaliteten i tenestane våre og styrke lågterskeltilbod med desse midlane, men då det på tampen av 2021 i kommunestyremøte ble vedteke ei innsparing på kr 515 000 kroner i 2022, 2023, 2024 og 2025 i psykisk helse- og rusteneste, så såg me oss nøydde til å disponere desse midlane på ein anna måte for å unngå at innsparingane får større konsekvensar for tenestetilbodet vårt. Me har eit større arbeid framfor oss for å klare desse innsparingane i åra som kjem.

### 6.6.3 Fysio- og ergoterapitenesta

- Ergoterapeut gjekk ut i svangerskapspermisjon i april. Vikar starta i juni og var i vikariatet ut året. Mykje ressursar går til hjelpemiddelformidling på grunn av mange pasientar med behov for dette. Det har også vore fokus på å sette av tid til å følge opp pasientar med behov for habilitering/rehabilitering. Ergoterapeut og fysioterapeut samarbeider i kartlegging og oppfølging der dette er hensiktsmessig. Tenesta er også med i meistringsteamet og blei hausten 21 med i prosjektet «gode pasientforløp» som vidareførast i 22.
- Fysioterapeut med driftstilskot slutta i juli. Dette resulterte i auka ventetider og omprioritering av oppgåver for kommunal fysioterapeut. Gruppetilbod har vore på vent både pga covid-19 og mindre ressursar i denne perioden. Det starta ny fysioterapeut med driftstilskot siste del av november. Dette førte til at det i desember ikkje lenger var ventelister for fysioterapi i kommunen.
- Kommunal fysioterapeut medverka første halvår inn i koronavaksinering med administrative oppgåver.
- Det er regelmessige møte og godt samarbeid mellom privat og kommunale fysioterapeutar/ergoterapeut.

### 6.6.4 Legekontoret

- Pandemien har også i 2021 hatt stor innverknad på den daglege drifta. Me har blitt dyktige på å tilpasse oss stadig nye nasjonale føringar og reglar med omsyn til Covid-19, men arbeidsmengda har vore høg over lang tid og andre oppgåver har måtte bli prioritert bort. Einingsleiar har i 2021 gått meir inn i drift og styring av legekontoret.
- Det har vært lite fråver på kontortilsette i 2021, men noko fråver på legesida. Tidlegare kommuneoverlege var sjukemeldt i ein periode og me fekk på plass ei midlertidig avtale med Seljord som tok vare på kommuneoverlegeoppgåver for Kviteseid. Denne avtala blei permanent på slutten av året. Me har hatt inne vikar i ein

legeheimel i heile 2021. Vedkommande takka ja til fast stilling på legekantoret i Kviteseid etter fullført LIS1 teneste(2023). Me har ei utfordring med legeressursar på legekantoret, men ser fram til ei stabilisering av dette i løpet av dei neste åra.

- Det er faste møte mellom legane og heimesjukepleia, Lundenjordet, psykisk helse lokalt i kommunen og psykisk helse ved Seljord DPS, demensteamet og tenestekantoret. Lege har visitt på KOS kvar veke, for det meste 1,5 dagar i veka. Det er også møte med NAV, barnevern, ansvarsgrupper, helsestasjon, grunnskule, barnehage og med Kvitsund Gymnas

## 6.7 Handlingsprogram:

Tiltak	Resultatindikator	Status
<u>Generelle:</u> <ul style="list-style-type: none"> <li>• Systematisk arbeid med compilo</li> <li>• Utarbeide gode kompetanseplanar</li> </ul>	<ul style="list-style-type: none"> <li>• Trygge og gode tenester</li> <li>• Kultur for deling av avvik Bruke avvik i forbetningsarbeid</li> </ul>	<p>System er på plass og vert nytta. Det er behov for meir systematisk bruk av verktøyet i kvalitetsutviklingsarbeid. Arbeid med kompetanseplanar er i gang</p>
<u>Helsestasjon- og skulehelsetenesta:</u> <ul style="list-style-type: none"> <li>• Få på plass e-reseptar på helsestasjon</li> <li>• Faste treffetider i barnehagane i kommunen</li> <li>• Byrje med gruppekonsultasjonar COSP og andre tverrfaglege grupper (saman med blant anna fysioterapeut)</li> <li>• Arrangere temadagar på HFU</li> <li>• Få på plass venterom på helsestasjonen</li> </ul>	<ul style="list-style-type: none"> <li>• Betre tverrfagleg samarbeid</li> <li>• Auka ressurs-utnytting</li> <li>• Tidleg innsats</li> <li>• Utvida tilbod saman med andre i gruppe i staden for individuelle konsultasjonar</li> <li>• Eit universelt og attraktivt tilbod</li> <li>• Triveleg og tilrettelagt for dei</li> </ul>	<p>Dialog med leverandør av fagsystem, forventast å vere på plass i løpet av kort tid Faste møte er på plass, det arbeidast med rammene for vidare samarbeid</p> <p>Planleggingsfase, me merkar auka etterspurnad av ulike tilbod</p> <p>Planleggingsfase</p> <p>Under arbeid</p>

<ul style="list-style-type: none"> <li>• <i>Legge til rette for betre parkeringsmoglegheitar for føresette og barn som skal til helsestasjonen</i></li> </ul>	<p><i>minste å koma til helsestasjonen</i></p>	
<p><u><i>Psykisk helse og rusteneste</i></u></p> <ul style="list-style-type: none"> <li>• <i>Utarbeide plan for tenesta</i></li> <li>• <i>Vidare arbeid med retningsliner, interne rutinar, samarbeid med andre tenester og stillingsomtaler</i></li> <li>• <i>Oppstart Norse kartleggingsverktøy</i></li> <li>• <i>Fortsette veiledning i gruppe kvar veke på psykisk helse</i></li> <li>• <i>Oppstart ulike lågterskeltilbod og grupper</i></li> </ul>	<ul style="list-style-type: none"> <li>• <i>Gode og samordna tenester</i></li> <li>• <i>Auka kvalitet i tenestene</i></li> <li>• <i>Auka brukarmedverknad</i></li> <li>• <i>Tydlegare roller i samarbeidet</i></li> <li>• <i>Tryggare tilsette</i></li> <li>• <i>Auka grad av team oppleving mellom tilsette i psykisk helse</i></li> <li>• <i>Felles forståing av verdiar og visjonar i arbeidet</i></li> </ul> <p><i>Fleir tilgjengelege lågterskeltilbod</i></p>	<p><i>Me har signert kontrakt og startar opp med nytt kartleggingsverktøy vår 2022</i></p> <p><i>Arbeid med interne retningsliner og rammer i tenesta er i gang</i></p> <p><i>Det blir nye lågterskeltilbod med oppstart vår 2022</i></p> <p><i>Tenesta har laga ei eiga side på facebook og arbeidet med kommunen sine nettsider er i gang</i></p> <p><i>3 tilsette sertifiserast som Kurs i meistring av depresjon(KID) kursleiare i juni 22</i></p>

<ul style="list-style-type: none"><li>• <i>Tilbod om rask psykisk helsehjelp</i></li></ul>	<ul style="list-style-type: none"><li>• <i>RPH er tilgjengelig for Kviteseids innbyggere</i></li></ul>	<i>Prosjektgruppe ferdigstiller rapport vår 2022</i>
--	--	--

## 7 Skule og barnehage

*Sektor for skule og barnehage består av desse einingane med slik bemanning hausten 2021:*

- Kviteseid skule har 196 elevar og 31,48 årsverk
- Brunkeberg oppvekstsenter, skule har 20 elevar og 3,30 årsverk
- Straumsnes barnehage har 7 barn og 3,0 årsverk
- Brunkeberg oppvekstsenter, barnehage har 36 barn og 9,85 årsverk
- Kviteseid barnehage har 51 barn og 13,4 årsverk
- Kulturskulen har 101 elevplassar nytta av 82 elevar og 2,7 årsverk (fordelt på 7 tilsette)
- Barnehagane har 0,8 årsverk i styrka tilbod til førskulebarn (spesialpedagog)
- Skuleeigar, barnehageeigar og barnehagemyndede (kommunenivå) har 1 årsverk
- Kviteseid bibliotek har 1 årsverk

*Kjelde på skule og kulturskule: GSI 2021 (teljetidspunkt i oktober) Kjelde på barnehage: BASIL 2021 (teljetidspunkt desember 2020)*

Skulane og barnehagane har gjennomført planleggingsdagar i tråd med avtale (seks per skuleår og fem per barnehageår). Skulane og kulturskulen har faste personalmøte kvar veke. Alle barnehagane har gjennomført personalmøte i gjennomsnitt ein gong kvar månad, utanom juli. Det har vore møte for leiarar i barnehage og leiarar i skule med kommunalsjef ca. ein gong i månaden, utanom juli.

### **Status og utfordringar i skule og barnehage**

Året 2021 blei nok eit år sterkt prega av Korona-pandemien. Januar starta opp med nasjonalt raudt nivå i trafikklysmodellen for ungdomsskulen, og vi måtte i siste liten gjera om på planane for starten av 2021.

Trafikklysmodellen for smittevern fagleg forsvarleg drift var med oss gjennom heile 2021 og året har vore prega av beredskapsarbeid og usikkerheit med tanke på kva som kan gjennomførast av planlagde aktivitetar. Dette har og prega arbeidet med kvalitetsutvikling i alle ledd.

Hausten 2021 har både skule og barnehage vore prega av mykje fråvær grunna sjukdom. Vi er takksame for innsatsen alle tilsette har lagt ned gjennom eit krevjande år!

I februar starta skulen opp arbeidet i budsjettvedtaket med reduksjon av stillingar. Rådmann, kommunalsjef, alle leiarar i skulen og tillitsvalde var involvert i arbeidet. Arbeidet resulterte i reduksjon i årsverk frå skulestart hausten 2021.

Frå 01.01.21 blei tilsvarande krav til trygt og godt miljø som i skule innført i barnehagane. Utover vinteren jobba barnehagane med å få på plass plan og rutinar for å sikre retten til eit trygt og godt miljø i barnehagen.

Gjennom året har både skule og barnehage tatt i bruk digitale løysingar for å effektivisere drifta. Skule har jobba med innføring av ulike program i Visma mellom anna ressursstyring og timeplan. Barnehage har tatt i bruk app frå Visma til kommunikasjon med foreldre og GAT til ressursstyring.

Kviteseid skule og Brunkeberg oppvekstsenter har oppretta Facebook-sider for å vise fram arbeidet som utførast i skulekvardagen.

Skulen har samarbeida med Paul Viktor Viker i «God skole». Samarbeidet handlar om å etablere og oppretthalde trygge og gode læringsmiljø og bygger på tre grunnsteinar; foreldresamarbeid, felles standardar og elevsamtaler.

I Vest-Telemarksamarbeidet har vi gjennomført både styrarsamlingar og rektornettverk i stor grad som planlagd. Grunna pandemien har nokre av samlingane vore digitale. Både fora legg vekt på å skape ein arena for fagleg påfyll, erfaringsutveksling og utvikling for leiarane og gjennomførast i samarbeid med Universitetet i Sør-aust Noreg (USN).

Gjennom «desentralisert ordning for kompetanseutvikling» har skulen i samarbeid med USN gjennomført eit større kartleggingsarbeid i skulen. Både tilsette og elevar har vore involvert. Hensikta med arbeidet var å peike ut ein retning for det vidare kvalitetsutviklingsarbeidet. Arbeidet resulterte i ein utviklingsplan for skulen i Kviteseid som blei lagt fram for politisk handsaming hausten 2021.

På Brunkeberg oppvekstsenter har prosjektet «Markens grøde» vore sentralt i 2021. Det har kome opp ein flott gapahuk på området, som hadde offisiell opning i september. Det har vore sett opp plantekasser, og elevane har følgd prosessen får såing til mat. Eit aktivt og spennande prosjekt som held fram og er i vidare utvikling.

Sektoren har hatt to tilsyn frå Statsforvaltaren gjennom året. Det eine knytt til rolla som barnehagemynde. Det andre knytt til Kviteseid skule og spesialundervisning. I tillegg har interkommunal PP-teneste hatt tilsyn mellom anna knytt til arbeidet med å utarbeide sakkunnige vurderingar. Arbeidet med alle tre tilsyna held fram i 2022.

## **Tverrfagleg arbeid**

I desember 2019 fekk Kviteseid kommune støtte til å sette i gang prosjektet «Betre tverrfagleg innsats (BTI), som vi har gjeve namnet «Betre saman». Prosjektet skal styrke det tverrfaglege samarbeidet i kommunen til det beste for alle barn og unge. Målsettinga er tidleg å avdekke barn som er i ein sårbar situasjon, og raskt kunne tilby støtte og hjelp.

Oppdraget i prosjektet var å utarbeide ein digital samhandlingsmodell og ein handlingsrettleiar. I desember 2021 fekk vi prosjektet godkjent, og vi fekk tilsagn på midlar vidare i 2022 til å drive implementeringsarbeidet.

På tampen av året gjennomførte vi «BTI-undersøkinga» blant alle tilsette som jobbar med barn og unge i kommunen i samarbeid med KoRus. Undersøkinga vil gje oss eit grunnlag for å utarbeide ein plan for implementeringa.

Det er kommunalsjef skule og barnehage som er prosjektleiar for «Betre saman». Det er oppretta ei arbeidsgruppe, som er sett saman av leiarar og fagpersonar frå skule, barnehage og helse. Andre instansar blir kalle inn etter behov.

Leiarforum for oppvekst i Vestfold og Telemark har i samarbeid med KS og fylkeskommunen starta opp «Partnerskap for inkludering og ung deltaking». Målet med partnerskapet er å hindre ungt utanforskap. Alle kommunane i Vest-Telemark er med i partnerskapet, som gjev oss medvind i arbeidet med god tverrfagleg samhandling til det beste for barn og unge. Dette er eit område som for tida har stort fokus, mellom anna med bakgrunn i barnevernsreforma.

Hausten 2021 registrerte Kviteseid kommune seg i ordninga «Tilskot til inkludering av barn og unge» frå Barne- ungdoms- og familiedirektoratet (Bufdir). Ordninga gjev både kommunen og lag- og organisasjonar høve til å søke om midlar til ulike tiltak som støttar inkludering.



## **7.1 Kulturskulen**

Det er 7 tilsette som samla har ein stillingsressurs på 2,7 årsverk, inkludert kulturskulerektor i Kviteseid kulturskule. For å dekke ei breidde i tilbodet er dei fleste stillingane små, og alle lærarane har fleire arbeidstilhøve. Dirigenten for Kviteseid Hornmusikk er tilsett i kulturskulen.

I 2021 har det vore fysisk undervising gjennom heile året. Det har blitt lagt vekt på den faste, føreseielege undervisinga kvar veke, og ikkje vore planlagt større prosjekt på grunn av stor usikkerheit rundt smitteverntiltak i endring, og for å legge til rette for ein så stabil situasjon som mogleg for lærarar og elevar i ein litt kaotisk pandemikvardag. Den store sommarkonserten på Viktoriafestivalen blei også i 2021 avlyst, men det blei gjennomført ein flott utandørskonsert ved Kviteseidhallen i juni. Det blei jolekonsert i Brunkeberg før tiltaka blei skjerpa att i desember, medan jolekonserten i Kviteseid måtte avlysast. Det måtte også besøk til KOS. Ein elev rakk likevel å besøke KOS til stor glede for både elev, lærar og bebuarar.

I tillegg til vanleg undervising har kulturskulen som eit breiddetilbod hatt tilbod om besøk kvar veke i Brunkeberg barnehage frå hausten 2021. SFO i Kviteseid har kome til hallen med grupper kvar veke og Brunkeberg SFO har fått besøk kvar veke sidan skulestart 2021. Barnehage og SFO har sjølv vurdert om smittetrykket har gjeve rom for gjennomføring kvar veke, og utsett ved behov.

Elevtalet er stabilt. Ved utgangen av 2021 var det 101 elevplassar nytta av 82 elevar innan områda musikk, inkludert korps, og dans. Deltakarane på breiddetilboda i barnhage og SFO kjem i tillegg.

Kulturskulerektor er kommunens DKS-koordinator. Overgang til ny DKS-portal der alle produksjonar må leggest ut digitalt for å bli godkjende for tildeling av midlar frå fylket, har gjeve behov for ein gjennomgang av det lokale DKS-tilbodet. (Dei tilboda kommunen sjølv produserer, i tillegg til besøk av dei produksjonane fylket tilbyr.) Det har vore eit godt samarbeid med skulane og kulturkontaktane kring dette.

## 7.2 Handlingsplan:

Område	Tiltak
Trygt og god barnehage- og skulemiljø	<p><b>Felles:</b></p> <ul style="list-style-type: none"> <li>-Utvikle ein modell og handlingsretteleiar for godt kommunalt, tverrfagleg arbeid til det beste for barnet/ungdommen i prosjektet «Betre saman».</li> </ul> <p><i>Tiltaket er gjennomført.</i></p> <p><b>Barnehage og skule:</b></p> <ul style="list-style-type: none"> <li>-Delta i den nasjonale satsinga «Inkluderande barnehage- og skulemiljø» saman med dei andre kommunane i Vest-Telemark.</li> <li>-Delta i interkommunalt nettverk for ressurspersonane i satsinga.</li> </ul> <p><i>Tiltaket er gjennomført.</i></p> <p><b>Barnehage:</b></p> <ul style="list-style-type: none"> <li>-Implementere endringane i barnehagelova som gjev rett til eit trygt og godt barnehagemiljø</li> </ul> <p><i>Tiltaket er sett i verk, arbeidet held fram.</i></p>
Bruk av digitale verktøy	<p><b>Felles:</b></p> <ul style="list-style-type: none"> <li>-Utvikle bruken av «Compilo» som verktøy i arbeidet med kvalitetsforbetring</li> </ul> <p><i>Tiltaket er delvis sett i verk, arbeidet held fram.</i></p> <p><b>Barnehage:</b></p> <ul style="list-style-type: none"> <li>-Vidareføre kompetansen på inkludering frå «Inkluderande barnehage- og skulemiljø» inn i den digitale satsinga</li> </ul> <p><i>Tiltaket er ikkje gjennomført.</i></p> <ul style="list-style-type: none"> <li>-Vidareføre kompetansen på språk og språkutvikling frå «Språkløyper» inn i den digitale satsinga</li> </ul> <p><i>Tiltaket er ikkje gjennomført.</i></p> <ul style="list-style-type: none"> <li>-Vidareføre arbeidet med å implementere administrasjonssystemet Visma flyt barnehage</li> </ul> <p><i>Tiltaket er gjennomført.</i></p> <p><b>Skule:</b></p> <ul style="list-style-type: none"> <li>-Vidareføre kompetansen på språk og språkutvikling frå «Språkløyper» inn i den digitale satsinga</li> </ul> <p><i>Tiltaket er ikkje gjennomført.</i></p> <ul style="list-style-type: none"> <li>-Revidere den faglege IKT-planen</li> </ul> <p><i>Tiltaket er sett i verk, arbeidet held fram.</i></p> <ul style="list-style-type: none"> <li>-Utvikle bruken av digitale verktøy i læringsarbeidet</li> </ul> <p><i>Tiltaket er sett i verk, arbeidet held fram.</i></p> <ul style="list-style-type: none"> <li>-Vidareføre arbeidet med å implementere administrasjonssystemet Visma flyt skule</li> </ul> <p><i>Tiltaket er gjennomført.</i></p> <p><b>Kulturskulen:</b></p> <ul style="list-style-type: none"> <li>-Innføre bruk av administrasjonssystem for kulturskulen (Teams og SpeedAdmin)</li> </ul> <p><i>Tiltaket er ikkje sett i verk.</i></p>
Kompetanseheving	<p><b>Barnehage:</b></p> <ul style="list-style-type: none"> <li>-Barnehageeigar tilbyr tilsette i barnehagane kompetanseheving i tråd med revidert nasjonal strategi for kompetanse i barnehagane. Det skal særleg oppmodast til utdanning innanfor rettleiing.</li> </ul> <p><i>Tiltaket er sett i verk. Ein tilsett tok vidareutdanning.</i></p> <ul style="list-style-type: none"> <li>-Deltek i samarbeidet i Vest-Telemark med Universitetet i Sørøst-Noreg (USN) om barnehagebasert kompetanseutvikling (regional ordning for kompetanseutvikling – rekom).</li> </ul> <p><i>Tiltaket er sett i verk.</i></p> <ul style="list-style-type: none"> <li>-Kompetanseheving i pedagogisk bruk av digitale verktøy</li> </ul> <p><i>Tiltaket er ikkje sett i verk.</i></p>

	<p><b>Skule:</b></p> <ul style="list-style-type: none"> <li>-Skuleeigar tilbyr kompetanseheving for lærarane i tråd med kravet i nasjonale føringar og skulane sine behov <i>Tiltaket er gjennomført.</i></li> <li>-Delta i regionale nettverk for ulike faggrupper <i>Tiltaket er gjennomført.</i></li> <li>-Skulebasert kompetanseheving knytt til fagfornyninga og digitale kompetanse <i>Tiltaket er sett i verk, arbeidet held fram.</i></li> <li>-Kompetanseheving i pedagogisk bruk av digitale verktøy <i>Tiltaket er sett i verk, arbeidet held fram.</i></li> <li>-Deltak i samarbeidet i Vest-Telemark med Universitetet i Sørøst-Noreg (USN) om skulebasert kompetanseutvikling (desentralisert ordning for kompetanseutvikling – dekom). <i>Tiltaket er gjennomført, og held fram.</i></li> </ul> <p><b>Kulturskulen:</b></p> <ul style="list-style-type: none"> <li>-Kulturskuletilsette deltek på kulturskuledagane i regi av Norsk kulturskuleråd <i>Tiltaket held fram. Avlyst i 2021</i></li> <li>-Tilsette får tilbod om vidareutdanning <i>Tiltaket held fram. Ikkje aktuelt i 2021</i></li> </ul>
Organisasjonsutvikling	<p><b>Felles:</b></p> <ul style="list-style-type: none"> <li>-Utvikle bruken av «Compilo» som verktøy i arbeidet med kvalitetsforbetring <i>Tiltaket er delvis sett i verk, arbeidet held fram.</i></li> <li>-Legge til rette for at tilsette i leiarstillingar på oppvekstsektoren kan ta leiarutdanning <i>Tiltaket er gjennomført.</i></li> <li>-Delta på relevante kurs i leing <i>Tiltaket er delvis gjennomført.</i></li> <li>-Utvikle det tverrfaglege samarbeidet med andre instansar i prosjektet «Betre saman» <i>Tiltaket er gjennomført. Arbeidet held fram.</i></li> </ul> <p><b>Kulturskulen:</b></p> <ul style="list-style-type: none"> <li>-Vidareutvikle samarbeidet med grunnskulen og SFO <i>Tiltaket er gjennomført.</i></li> <li>-Vidareutvikle kulturskulen som lokalt ressurscenter i samsvar med rammeplanen og lokal læreplan <i>Deltek ved "øpen hall" og har dialog med E-sportklubben angående samarbeid.</i></li> <li>-Vidareutvikle lokal DKS-plan i samarbeid med skulane <i>Tiltaket er gjennomført.</i></li> <li>-Utvikle tilbod innan kunst/handverk <i>Ikkje gjennomført i 2021, held fram i 2022</i></li> <li>-Delta i prosjektet «Betre saman» som er retta mot barn og unge i Kviteseid kommune <i>Tiltaket er ikkje gjennomført.</i></li> </ul>
Brukarmedverknad	<p><b>Barnehage:</b></p> <ul style="list-style-type: none"> <li>-Gjennomføre brukarundersøking i barnehagane annakvart år. Neste gong i 2022 <i>Ikkje aktuelt i 2021.</i></li> </ul> <p><b>Skule:</b></p> <ul style="list-style-type: none"> <li>-Legge til rette for eit aktivt elevråd med reel medverknad i skulekvardagen <i>Tiltaket er gjennomført.</i></li> <li>-Inkludere elevane i arbeidet med skulebasert kompetanseheving <i>Tiltaket er gjennomført.</i></li> </ul> <p><b>Felles:</b></p> <ul style="list-style-type: none"> <li>-Legge til rette for eit aktivt ungdomsråd</li> </ul>

	<p><i>Tiltaket er delvis gjennomført.</i></p> <p>-Lage rutinar som syter for at barn og unge blir høyrte i planarbeidet</p> <p><i>Tiltaket er ikkje gjennomført.</i></p> <p>-Inkluderer barn og unge si stemme i prosjektet «Betre saman»</p> <p><i>Tiltaket er ikkje gjennomført.</i></p>
--	--

## 8 Samfunnsutvikling og teknisk drift

Eininga skal tene alle grupper i samfunnet, og oppgåvene vi utfører er viktige for lokalsamfunnet. Det femnar arbeid med å oppretthalde trygge og framkomelege vegar, sikre god vassforsyning, ha eit funksjonelt avløps- og renovasjonssystem, sikre gode og funksjonelle bygningar og skape trivelege og attraktive uteområde. Vidare har eininga ansvar for reinhald, brann og redning, landbruksforvaltninga, beredskap og klimaarbeid i kommunen.

Eininga har fokus på næringsutvikling og folketalsvekst. Tiltak som utbygging av kommunale bustadområder med VA – infrastruktur og tilrettelegging for næringslivet er viktige oppgåver.

Koronasituasjonen i 2021 har sett sitt preg på arbeidet. Ekstra reinhald, god handhygiene, spriting og god avstand har vore tiltak som avdelinga har gjennomført gjennom året. Det er bruka heimekontor i periodar for dei tilsette i administrasjonen. Det har vore lite fysiske samlingar/kurs og møter i 2021. Teams har erstatta den fysiske oppmøtestaden og er eit godt alternativ som ein vil fortsette med framover.

### 8.1 Samfunnsutvikling

#### Handlingsplan 2021:

**Mål:** *Ein livskraftig kommune som legg til rette for busetjing og næringsutvikling.*

<b>Tiltak</b>	<b>Resultatindikator</b>	<b>Resultat</b>
<i>Følgje opp vedteken strategisk næringsplan for Kviteseid. Følgje opp samfunnsplan/arealplan</i>	<i>Vurdere, prioritere og gjennomføre tiltaka i planane</i>	<i>Gjennomført</i>
<i>Ny barnehage</i>	<i>Planlegging</i>	<i>Ikkje gjennomført</i>
<i>Bustadområdet Midtsundåsen</i>	<i>Klargjere tomter for bygging med VA og veg</i>	<i>Seks ferdige tomter, to tomter selt.</i>
<i>Bustadområdet Stålandsåsen</i>	<i>Lage reguleringsplan og jobbe vidare med feltet</i>	<i>Arbeidet med reguleringsplan starta opp hausten 2021</i>
<i>Næringsareal i Brunkeberg</i>	<i>Legge til rette for VA og utvikling</i>	<i>Utviklingsarbeid er i gang.</i>
<i>Marknadsføre ledige tomter i kommunen</i>	<i>Sosiale media og heimeside</i>	<i>Kart på heimeside</i>

I samarbeid med Statens vegvesen er det etablert GS-veg på strekninga Haukom – Kvitsund. Arbeidet vil fortsette i 2022 med reguleringsplan for strekninga Haukom – Kviteseidkrysset.

## 8.2 Teknisk drift

### Handlingsplan 2021

**Mål:** Legge til rette for ein god infrastruktur for innbyggjarar, næringsliv og kommunen si eiga verksemd.

<b>Tiltak</b>	<b>Resultatindikator</b>	<b>Resultat</b>
Gjennomføre prosjekt i investeringsbudsjettet for 2021	Prosjekt ferdige	Gjennomført i tråd med justeringar i investeringsplanen
Gjennomføre prioriterte tiltak etter vedlikehaldsplan for kommunale bygg	Utnytte vedlikehaldsbudsjettet	Gjennomført i samsvar med tilgjengelege økonomiske midlar
Utbetring av brannstasjon	Bygg ferdig	Ferdig sommar 2021
Bli dyktigare på å dokumentere og vere bevisste kring avvik i kvalitetssystemet og HMS-systemet	Fylgje opp og lukke avvika. Bruke Compilo	Tatt i bruk
Vidareføre opplæringsprogram for det frivillige brannvesenet i regi av Vest-Telemark brannvesen.	Heve kompetanse for brannmannskapa	Kurs gjennomført
Følgje opp føresegnene for vatn og avløp	Nye abonnentar	Vatn: 40 fritid, 3 bustadhus Avløp: 30 fritid, 5 bustadhus
Trafikksikker kommune	Fylgje opp trafikksikringsplan	Gjennomførte prosjekt i Brunkeberg og Kyrkjebakken. Oppstart gateljos Utsiktvegen.
Kommunale vegar	Prioritere Håtveitvegen	Oppstart desember 2021
Ventilasjon KOS	Ferdig mai 2021	Ferdig mai 2021
Registrering stikkrenner, bekkar og flaumutsette områder	Ferdig 2021	Ferdig hausten 2021. Tilskot utbetalt frå NVE.

Kommunale bygg og kommunale vegar har gjennom fleire år hatt knappe ressursar, slik at ein framleis slit med eit **store og aukande etterslep** når det gjeld **vedlikehald**.

Konsekvensane er at det blir dyrare når ein må gjere noko. Vedlikehaldsbudsjettet krev strenge prioriteringar når det gjeld bruk av midlar, og det er difor vanskeleg å tilfredstille brukarane sine forventningar i alle samanhengar.

Klimaendringane gje store utfordringar på vegar og anlegg. Det er difor ei viktig og prioritert oppgåve å gjere jamlege og førebyggjande tiltak, og kommunen må ha vegar som toler nedbørsintensiteten og nedbørsmengda framover. Kommunen deltok i eit prosjekt finansiera av NVE for å registrere stikkrenner, kummar og flaumutsette områder.

Kommunen sin kontakt med Vest-Telemark brannvesen skjer gjennom teknisk drift, og ansvaret for beredskapsstyrken ligg framleis lokalt.

Vest Telemark Brannvesen prøver å få til gode og realistiske øvingar for røykdykkarane i Vest-Telemark i tillegg til at røykdykkarane må til Grenland på øving om lag annakvart år. I det interkommunale samarbeidet om brannvesenet i Vest-Telemark blir pengane fordelt til vertskommunen.

For kommunen er det viktig å finne lekkasjar på vatnsystema og inntrenging av overvatn til kloakksystemet. Overvaking av vassforbruket er viktig for å finne lekkasjar og for å få ned driftskostnader. I 2021 var det totalt fire vasslekkasjar som vart reparera, ein nedgang på 12 frå året før.

Digitalisering av vatn- og avløpsanlegg fortsett. Pga. utfordring med leveransar av utstyr så er ikkje alt arbeidet ferdig.

Arbeidet med saneringsplanen i Vrådal og Kviteseid held fram. Planlegging og kontrakt med entreprenør for pumpestasjonen på Flatin var klar før jol i 2021. Arbeid startar opp januar 2022. Arbeid med å skifte ut VA mellom Vrådal reinseanlegg og Straand hotell gjekk som planlagt. Arbeidet fortsett i 2022.

Kommunestyret vedtok i 2021 prinsipp for tilkopling av private VA – anlegg for fritidsbustadsfelt. Ein vil truleg i 2022 få dei fyrste utbyggingsavtalene til politisk handsaming.

Kviteseid RA har fått nytt biotrinns-, ventilasjonsanlegg og luktfjerningsanlegg. Ved Morgedal RA har ein fått stoppa utfordringa med erosjon/utgraving frå Verstobekken.

Investeringsbudsjettet på veg vart prioritera på Tveitgrendvegen. Over ein km vart oppgradera med stikkrenner, grøftereinsk og nytt dekke (knust asfalt).

### 8.3 Nøkkeltal for teknisk drift

Tabellane nedanfor syner utviklinga i ein del nøkkeltal for teknisk drift. Me ser at talet på abonnentar innan VAR aukar over tid som følgje av bygging av hus og hytter.

	2017	2018	2019	2020	2021
Abbonentar vatn	1433	1483	1492	1527	1570
Abbonentar avløp	1292	1337	1346	1387	1422
Abbonentar renovasjon	2586	2486	2489	2559	2584
Abbonentar feiing (tal på pipeløp)	1471	2594	2609	2703	2736
Tal på bustader for utleige	57	57	57	57	57

Tal på brannutrykkingar gjekk kraftig ned frå 2020 til 2021. Det er spesielt utrykking på automatiske brannalarmar (ABA) som nedgangen er på.

Brannutrykkingar	2017	2018	2019	2020	2021
Brann og utrykkingsvern: Utrykkingar per 1 000 innbyggjar	17,6	39,9	23,3	25,5	19,5
Bilberging E-134	4	4	4	3	5
Bilberging elles	1	2	5	2	1
ABA	5	5	8	26	11
Brann	6	7	3	4	8
Skogbrann	4	17	2	6	4
Pipebrann	0	2	1	2	1
Andre	3+6+14	10+10+3+ 7	21+2+7+1 4	5+5+9	4+3+1+ 9
Kansellert	0	0	0	0	1
<b>Totalt</b>	<b>43</b>	<b>67</b>	<b>67</b>	<b>62</b>	<b>48</b>

## 9 Nærings- og lokalsamfunnsutvikling

### 9.1 Kultur

#### Rapport handlingsplan 2021

<b>Tiltak</b>	<b>Resultatindikator - resultat</b>
<i>Samarbeide med eksterne aktører om arrangement.</i>	<i>Auke i aktivitet og attraktivitet</i>
<i>Stimulere lag og foreiningar om å søkje eksterne midlar. Informere om søknadsmoglegheiter</i>	<i>Auke i eksterne midlar. Meir aktivitet.</i>
<i>Handsame søknader om tilskot til lokale kulturtiltak og fleire prosjekt.</i>	<i>Mangfald og aktivitet i kulturlivet</i>
<i>Samarbeid med Frivilligsentralen i Kviteseid</i>	<i>Auke og mangfald i kulturlivet</i>
<i>Profileringstiltak for biblioteka i Vest-Telemark (eksterne midlar)</i>	<i>Profileringstiltaka er vidareført på web</i>
<i>Samarbeide med skulen og skulebiblioteket</i>	<i>Samarbeidstiltaka er vidareført</i>

**Den kulturelle spaserstokken** Telemark fylkeskommune har ansvaret for utdeling av midlane. Innbyggjartalet på dei over 67 år ligg til grunn for tildelinga. Kviteseid kommune søkjer og mottek årlege midlar. Mange aktivitetar for eldre har blitt stimulert.

**Kviteseidhallen** er meir populær enn nokon gong tidlegare, og mykje brukt til ulike aktivitetar. Avtala med Kviteseid idrettslag om lengre opningstider på ettermiddag og kveldstid har vore eit godt tiltak som blir vidareført i 2021.

**Kviteseid bygdetun.** Styret har ansvar for aktivitetar på bygdetunet. Det har vore mindre aktivitet i 2020 grunna koronapandemien.

#### **Kulturnettverk**

Vi har eit administrativt kulturnettverk. I dette nettverket er biblioteksjefen, kulturskulerektor og næringssjefen. Lite møteverksemd i 2021.

#### **Kulturmidlar**

Kommunen har ei viktig rolle som økonomisk bidragsytar til lag og foreiningar i tillegg til å støtte enkeltpersonar som driv kulturarbeid. Det blei utdelt Kulturmidlar i 2021, men det har vore liten aktivitet grunna koronapandemien.



## 9.2 Næring

### Rapport handlingsplan 2021:

<b>Tiltak</b>	<b>Resultatindikator / resultat</b>
<i>Halde fram samarbeidet med:</i> <ul style="list-style-type: none"><li>• Telemarkskanalen Regionalpark.</li><li>• Telemarksvegen – RV41</li><li>• Skien-Dalen Skipsselskap</li><li>• Vandre Telemark</li><li>• Visit Telemark</li><li>• Reiselivet/besøksnæringa</li></ul>	<i>Auke i attraktivitet og besøk til regionen</i>
<i>Arbeide vidare med:</i> <ul style="list-style-type: none"><li>• Vidareutvikle Telemark Næringshage</li><li>• Tilrettelegging av næringstomter</li><li>• Stimulere eksisterande og nye verksemder</li><li>• Ulike samarbeidsprosjekt i Vest-Telemark Som Etablerarkontoret, Stillingsslepp, Småbruksprosjektet, Næringskollegiet etc.</li><li>• Nye attraktive bustadtomter</li><li>• Tilrettelegging av møteplassar, turstiger</li><li>• Jobbavis i skulen på Kviteseid skule</li> <li>• Skjenke- og serveringsløyve</li></ul>	<i>Auke i attraktivitet, folketal og arbeidsplassar</i>  <i>Auke kjennskap til næringslivet hos dei unge</i>  <i>Skape møteplassar</i>

### Næringsfond

Av note i årsrekneskapen går det fram kva det er løyvd pengar til frå næringsfonda. Tildeling frå næringsfonda er ein viktig stimulans for etablering og utvikling av arbeidsplassar.

I år har det kome ekstra statlege beviljingar for å dekke økonomisk tap og uforutsette utgifter knytt til pandemien.

### Samfunnsutvikling

Arbeidet med nærings- og samfunnsutvikling er breispektra og knytt til mange ulike små og store prosjekt. Over er nemnt nokon konkrete tiltak.

### Skjenke- og serveringsløyve

I tillegg til å tenke næringsutvikling, tek kommunen omsyn til folkehelsa når ein jobbar med desse sakene. Alkoholova er streng og ligg alltid til grunn.

## 10 Landbrukskontoret

### Rapport handlingsplan

#### Delmål for planperioden:

Landbruksplanen har desse hovudmåla:

- Landbruket i kommunen skal medverke til utvikling og verdiskaping samstundes som ein tek vare på miljøet og kulturlandskapet.
- Det skal fokuserast på landbruket som ein totalleverandør av naturbaserte varer og tenester.
- Landbruket skal vere medspelar i ei aktiv bygdeutvikling som sikrar busetjing og næringsutvikling og gode levekår.
- Kommunen skal ha ein landbruksadministrasjon med høg kompetanse som kan vere ein aktiv støttespelar for enkeltbønder og næringsorganisasjonane.

<b>Tiltak</b>	<b>Resultatindikator - resultat</b>
<i>Fortløpande oppdatering av og retting av feil i AR5, landbruksregister, matrikkel og jordregister og oppdatering av areal- og eigedomsregister i jaktssamanheng i samarbeid med plankontoret, Statsforvaltaren og NIBIO.</i>	<i>Markarbeidet etter den sentrale oppdateringa av AR5 er gjennomført i 2021 og manuskart sendt til plankontoret, som skal rette karta.</i>
<i>Følgje opp foryngingsplikta i skogbruket med heimel i berekraftforskrifta.</i>	<i>Det vart gjennomført 24 kontrollar i 2021.</i>
<i>Aktiv bruk av rentemidlar og nærings- og miljøtilskot. Søkje samarbeid med andre kommunar i Vest-Telemark for å auke aktiviteten på skogkultur.</i>	<i>Auka skogkulturaktivitet.</i>
<i>Delta i EU sitt vassdirektivprosjekt saman med fylkeskommunen, nabokommunar og andre samarbeidspartnarar i vassområda våre.</i>	<i>Landbrukskontoret deltek i arbeidsgruppene i Midt-Telemark vassområde og Nidelva vassområde.</i>
<i>Ajourhald og oppdatering av hjorteviltregisteret Følgje opp vedteken hjorteviltplan</i>	<i>Areal- og eigarlistar oppdaterast fortløpande.</i>
<i>Følgje opp buplikt på landbrukseigedomar og saker som gjeld nedsett konsesjonsgrense – sikre gode rutinar for å oppdatere av registra.</i>	<i>Fortløpande oppdatering og årleg kontroll er gjennomført i 2021.</i>
<i>Følgje opp vedteken landbruksplanen for perioden 2014-2017. Oppfølging av Telemark fylkeskommune si landbruksmelding.</i>	<i>Landbruksmeldinga er fasa ut og erstatta av Regionalt næringsprogram for Vestfold og Telemark. Dette er styrande for bruken av dei økonomiske verkemidla.</i>

### Utviklinga i næringa over tid

TABELL MED NØKKELINDIKATORAR	2015	2016	2017	2018	2019	2020	2021
Produksjonstilskot jordbruk (søklarar)	67	62	61	57	55	56	51
Miljøtiltak i jordbruket (1000 kr) (SMIL og drenering)	200	190	322	323	347	180	324
Tilskot til skogbruket (1000 kr)	681	501	257	921	443	663	1301
Løyvde BU midlar (1000 kr)	0	1100	720	900	680	200	200

Tabell: Nøkkeltal for utviklinga av landbruket.

Avverkinga i skogbruket har hatt eit auke dei siste åra frå eit snitt på kring 30.000 m<sup>3</sup> per år til 37 000 m<sup>3</sup> i 2017 og 42 000 m<sup>3</sup> i 2018. Som fylje av mellombels liten tilgang på entreprenørar i Brunkeberg og Kviteseid sentrum har avverkinga i 2019 vore noko lågare, kring 29 000 m<sup>3</sup>. I 2020 var avverkinga attende til den aukande trenden med eit volum på 47 000 m<sup>3</sup>, men på 34 000 m<sup>3</sup> i 2021. Både planting etter hogst og opprusting av skogsvegar vert utført tilfredstillande. Det er liten aktivitet på nybygging av skogsbilvegar. Tilskotsordninga for skogkultur har dei siste tre åra hatt tyngre fokus på ungsogpleie, noko som har ført til auka aktivitet innanfor feltet. Det vart utført ungsogpleie på 307 daa i 2021, eit lågt tal som har sin årsak m.a. som fylgje av liten tilgang på utanlandsk arbeidskraft under korona-pandemien.

Nytt frå vassområdet er at det endeleg har kome forslag til nye fiskereglar. Desse hadde høyringsfrist i starten av februar, så i skrivande stund er endeleg forskrift ikkje klar.

### Vilt

2021 var siste året i gjeldande bestandsplanar for elg og hjort. Då vart det felt 142 elgar og 58 hjortar i Kviteseid. Totalt for treårsperioden vart det felt 420 elgar og 185 hjortar, ein fellingsprosent på høvesvis 82 og 40 prosent av tildelt kvote for desse tre åra.

Nye bestandsplanar er under arbeid, og ein går antakeleg vis inn i gang med nye treårsplanar frå hausten 2022.

### Fallvilt

Oversikt over viltpåkøyrslar, felling av skadedyr og anna felling av hjortevilt utanom ordinær jakt

	2013	2014	2015	2016	2017	2018	2019	2020	2021
Kollisjon med bil	3	1	4	3	5	19	11	15	17
Felt som skadedyr								1	
Sjukdom, skader, andre årsaker	1	6	8	8	3	20	2	13	22
Sum	4	7	12	12	8	39	13	29	39

Tabell: Avgang på elg, hjort og rådyr utanom ordinær jakt i perioden 2013-2021

I 2021 vart det drepe eller avliva åtte elgar, ein hjort og åtte rådyr etter samanstøyt med bil. Ytterlegare sju elgar, ein hjort og seks rådyr vart påkøyrd, men friskmeldt eller ikkje funne att ved ettersøk. I tillegg vart 18 elgar, ein hjort og tre rådyr observert, funne skada eller funne daude av andre årsakar, som fallskader, beinbrot, sjukdom eller andre grunnar. Kommunen har ansvaret for å ta seg av påkøyrte og skada hjortevilt utanom ordinær jakt. I tillegg skal kommunen og vurdere og eventuelt felle hjortedyr og bever som gjer skade.

## 11 Interkommunalt samarbeid

### 11.1 Barnevernstenesta

2021 har vore eit utfordrande år for barnevernet. Barnevernet har gjennom pandemien vore på jobb, møtt familiar og halde fram med å vere barn og ungdom sitt sikringsnett. Det har i periodar vore krevjande, men vi har gjennom heile perioden tatt imot og handtert alle meldingar, akuttsituasjonar og møtt barn, ungdom og familiar.

#### Handlingsplan:

<b>Tiltak</b>	<b>Resultatmål</b>
<i>Å bli meir treffsikre på tiltak</i>	<i>95% av undersøkingane innan 3 mnd 98% er gjennomført innan 3 mnd  100 % av barn med tiltak skal ha utarbeida plan 100 % har utarbeidd plan  95% skal fylle krav til evaluering 99% fyller krav til evaluering</i>
<i>Barns medverknad</i>	<i>Samtale med alle barn i undersøkingar. Samtale med alle barna som har tiltak. Dersom vi ikkje snakkar med barna skal det vere fatta ei beslutning som begrunnar dette.  Det enkelte barn medverkar meir og uttalar seg om eigen situasjon i større grad en tidlegare.</i>
<i>Bruke eigne tiltak og søke samarbeid med andre om lokale tiltak</i>	<i>Systematisk bruk av COS-P, PMTO, PYC, ICDP, foreldrerådgjevningsprogrammet og systematisk miljøarbeid. Samarbeide med kommunane om lokale tiltak som gjev effekt.  24 familiar mottok veiledning gjennom PMTO, COS-P, PYC, ICDP og veiledning med miljøterapeut eller foreldrerådgivningsprogram frå tilsette i BVS.</i>
<i>Gjennomføre tidleg intervensjon for barn i risiko, TIBIR</i>	<i>Det vart gjennomført gjennomførte samlingar og veiledning for TIBIR-kommunane sine foreldrerådgjevar.</i>
<i>Kompetanseheving</i>	<i>Saman med ulike faggrupper i Vest-Telemark, Midt-Telemark, Notodden, Hjørdal og Tinn har vi gjennom Cos-p nettverket starta felles kompetanseheving. Denne kompetansehevinga vart fullført hausten 2021.  Alle tilsette har fått kompetanseheving knytt til temane brukarmedverknad, samtaler med barn, barnevern juss og dokumentasjon.  Ein tilsett starta på vidareutdanning til master i barnevern.</i>
<i>Å ha eit godt samarbeid med andre kommunale tenester</i>	<i>Delta i tverrfaglege samarbeidsfora. Vi var fast samarbeidspart og deltek i ulike samarbeidsfora i Vinje, Nissedal, Kviteseid, Fyresdal, Tokke og Seljord.</i>

Å ha eit godt arbeidsmiljø

Å ha låg del av sjukefråvær relatert til arbeid

Det er ikkje rapportert om sjukefråvær knytt til arbeidsmiljø. Alle tilsette hadde medarbeidersamtale.

HMS er tema på personalmøte.

## Barnevernreforma

Prosjektet «Forpliktande samarbeid i Midt-, Vest- og Øst- Telemark om Barnevernreforma»

Prosjektet har gjennom 2021 arbeida med mellom ana desse sakene:

- Felles fosterheimsplan for barnevernstenestane
- Felles praksis i arbeid med fosterheimar
- Felles utdanning av PMTO-terapeut
- Felles deltaking i utarbeiding av nasjonal grunnmodell


Ressursteam hadde oppstart i august 2021. Det var ikkje tilsett psykolog i første runde men dette kom på plass etter ny utlysning. Psykologen til teamet starta først i etter nytt år 2022.

## Nasjonal Grunnmodell

Dei fire barnevernstenestane i prosjektet er med i eit nasjonalt arbeid med utvikling av ein heilskapleg grunnmodell for hjelpetiltak og ettervern. Oppdraget er gjeve frå Bufdir til NUBU, RBUP øst og sør og RKBU-vest. Det er ti barnevernstenester med i arbeidet og prosjektet har fire av desse plassane.


## Aktivitetsmål for Barnevernssamarbeidet i Vest-Telemark

### Meldingar:





Frå 2020 blir meldingar telt og rapportert til SSB og Statsforvaltar på ny måte. Alle meldingar til barnevernet blir nå telt. Tidlegare var meldingar i aktive saker eller pågåande undersøkingar ikkje telt med i rapportering.


## Kven meldte



## Undersøkingar



## Barn/ ungdom med hjelpetiltak i familien



- I Vest-Telemark har vi 23 tilsynsbarn. Alle hadde tilsynsperson. Kravet til tilsyn pr. barn er 4 i året. Alle tilsynsbarna fekk oppfylte krav om tilsyn.
- BVS har 17 fosterbarn.
- Alle barn under omsorg har omsorgsplan. Som følge av sakene Norge har hatt i EMD er vi i gang med utarbeiding av nye omsorgsplaner, slik at dei tilfredsstillir nye krav.
- Vi hadde 8 barn/saker til behandling i Fylkesnemnda eller tingrett. Vi fekk medhald i alle.
- Åtte familiar, 11 barn/ungdom, fekk i løpet av 2021 veiledning av innleigd psykolog.

### Tilstandsrapport

Frå 2021 skal alle barneverntenester utarbeide årleg tilstandsrapport. Rapporten skal leggst fram for kommunestyra. Formålet med tilstandsrapporten er å gje kommunestyra betre innsikt i tilstand, utvikling og viktige problemstillingar i barnevernet. Målet er betre prioriteringar og kontroll i kommunane. Tilstandsrapporten vil erstatte årsmelding.



## 11.2 NAV

NAV Vest Telemark er eit interkommunalt samarbeid etter kommunelova § 20. Alle kommunene området er med i samarbeidet. Vi er 30 tilsette ved kontoret.

Vi vart etablert 01.10.2019 og vi har nå 2 års drift bak oss. Året 2020 -2021 har vore eit veldig spesielle år på grunn av pandemien. På tross av mange smitteverntiltak har vi opprettholdt kontakten både med arbeidsøkerar og arbeidsgjevarar.

Grafane under viser utvikling i heilt ledige arbeidsøkerar i perioden frå jan 2019 til desember 2021. Som det går fram av grafane er det svært låg arbeidsløysing i alle kommunane. Det er veldig mykje ledige stillingar og fleire arbeidsgjevarar har problem med å skaffe seg kvalifiserte arbeidstakarar. Det er mangel på arbeidskraft innom mange bransjar.






NAV Vest -Telemark hadde ei ramme på kr. 10 445 000 til arbeidsmarkedstiltak . Vi har brukt kr. 12 637 000. Det er midlar som går til å hjelpe arbeidsøkerane inn på arbeidsmarkedet. Målgruppene er ungdom, arbeidsøkerar frå landgruppe 3 , langtids arbeidsøkerar og arbeidsøkerar med nedsatt arbeidsevne.

I tillegg kjøper vi mykje tenestar av Kvito A/S og Ideakompetanse A/S .

Vi har og 25 varig tilrettelagte arbeidsplass i ordinære bedrifter (VTO) tilsaman i kommunane. Der er målgruppa personar som har uføretrygd og som treng ein aktivitet.

#### Utvikling i antall personar som mottok uføretrygd frå januar 2021 til des 2021



#### Utbetaling økonomisk sosialhjelp :

kommune	Under 30 år 2020	Under 30 år 2021	Over 30 år 2020	Over 30 år 2021	Totalt 2020	Totalt 2021	Diff

Seljord	25	22	61	55	2 695672	3094144	+398472
Kviteseid	11	12	33	25	1 405866	986570	-419296
Nissedal	17	13	23	16	1 475207	1 028070	-447137
Tokke	9	7	28	18	981461	567647	-413814
Vinje	16	16	40	38	2 120062	1 724770	-295292
Fyresdal	6	5	17	14	975511	516127	-459384
Sum	84	75	202	166	9 653879	7 917328	-1 736551

Vi hadde ein målesetting om at vi skulle redusere utgifter til økonomisk sosialhjelp med 10% frå 2020 til 2021 , resultatet blei 18 % . Det er Seljord kommune som skil seg negativt ut med eit meirforbruk på kr. 398472,- Seljord kommune skil seg ut på fleire område som påverkar denne kostnaden. For å nemne noko er husleigeprisar høgare , busettingskommune for flyktningar og så er det eit kjent rusmiljø i kommunen.

Kvalifiseringsprogram :

Det er 17 stk som har hatt kvalifiseringsprogram i 2021 og det er til saman utbetalt kr.1751897 i kommunane . Veldig bra at også brukerar frå Seljord får tilbod om KVP. Det er 9 stk som har slutta i løpet av 2021, 5 av dei har fått jobb , 3 har flytta frå området og 1 har bare uteblitt.

Seljord: kr. 216496, Kviteseid: kr. 216414, Nissedal: kr. 101352,

Tokke: kr. 370211, Vinje : kr. 480392, Fyresdal : kr. 367032

#### Gjeldsrådgjevar

Kommunane har ein 60% stilling som gjeldsrådgjevar i Vest -Telemark . Det har vore fram til 311221 Seljord kommune som har hatt vertskommune ansvar. Det er nå ført over til NAV Vest-Telemark og Tokke er vertskommune frå 010122. Det har vore ein stor auke i antall brukerar som søker denne tenesta frå 2020 til 2021.

Totalt antall :

2020	2021
12 saker med frå 2019 +36 nye saker +6 rådgjevingar uten sak = 54 saker totalt	18 saker med frå 2020 +52 nye saker +15 rådgjevingar uten sak =85 saker totalt

#### Tilsette i NAV Vest –Telemark

Vi er 30 stk fordela på stat og kommune. I tillegg har vi prosjektstilling som er finansera av statsforvaltaren. Vi har lokasjonar i kvar kommune og møter brukarane der. Det er opent for dropp inn ein dag i veka ut i kommunane, med unntak av Nissedal og 2 dagar på hovudkontoret. I 2021 har mange vore på heimekontor og digital oppfølging av brukarane har vore mykje brukt, men dei som har trong for å møte oss fysisk har fått det.

Vi har hatt eit internt sjukefråver på 3,0 % blant statleg tilsette og 3,08 % blant kommunalt tilsette i 2021. Vi har ikkje hatt arbeidsrelatert sjukefråver. Vi har hatt stort fokus på sikkerhet for tilsette og fått på plass alarmer på alle lokasjonane.

### 11.3 Plankontoret

Interkommunalt plankontor utfører lovheimla forvaltingsoppgåver innan arealplanlegging, kartfesting, oppmåling, byggesaksbehandling og utsleppsbehandling for kommunane Kviteseid og Nissedal. Nissedal kommune er vertskommune for tenesta. Kontoret har disponert 5,15 – 4,65 årsverk til desse tenestene i 2021.

#### Overordna målsetjingar:

- Kommunen sine planverktøy skal til ei kvar tid vere oppdatert.
- Kommunen skal dekke etterspurnad av aktuell kartfesta informasjon.
- Alle plan-, oppmålings- og byggesaker skal behandlast innanfor kva lova set som maksimal frist.
- Kommunens hovudmål om folketalsvekst skal aktivt understøttast ved planlegging av gode bumiljø.
- Samfunnstryggleik og beredskap skal leggjast til grunn i arealplanlegginga.
- Oppfølging og kontroll av gjevne utsleppsløyve for avlaupsvatn.

<b>Tiltak</b>	<b>Resultat</b>
<i>Behandle nye reguleringsplanar for Stålandsåsen</i>	<i>Grunna motsegner frå Statens vegvesen og Statsforvaltaren er denne planprosessen utsett.</i>
<i>Yte god service gjennom rask og god saksbehandling</i>	<i>Alle saker innom plan- oppmåling og byggesak blei behandla innom lovfaste fristar.</i>
<i>Oppdatere kommunens heimeside innom byggesak</i>	<i>Byggesaksdelen er oppdatert i ny heimeside.</i>
<i>Gjennomføre tilsyn i byggesaker</i>	<i>Det blei gjennomført to slike tilsyn.</i>
<i>Kontroll av utsleppsløyve</i>	<i>Det blei ikkje gjennomført slike kontrollar i Kviteseid i 2021.</i>